



Kvinnherad kommune - Rådmannen

Vår ref: 2009/2381

Dato: 22.10.2009

Budsjett 2010

Økonomiplan 2010 – 2013

Handlingsplan 2010 – 2013

Saldert budsjettgrunnlag frå rådmannen

Innhald	Side
1.0 Innleiing	3
1.1 Organisering av budsjettarbeidet	3
1.2 Målsetjinga med budsjettarbeidet	3
1.3 Utfordringar	4
2.0 Driftsinntekter 2010	7
2.1 Frie inntekter	7
2.2 Andre inntekter	7
2.3 Renter og avdrag	8
2.4 Sum inntekter	9
3.0 Driftsutgifter 2010	10
3.1 Lønsutgifter	10
3.2 Andre driftsutgifter	10
3.3 Driftsinntekter	11
3.4 Sum utgifter	11
4.0 Budsjettrammer 2010	12
4.1 Budsjettrammer for kommunen samla	12
4.2 Budsjettramme skulane	12
4.3 Budsjettramme Barnehagane	12
4.4 Budsjettramme sonene	13
4.5 Budsjettramme Tiltak og tenester barn og unge	13
4.6 Budsjettramme Tiltak og rådgjeving vaksne	13
4.7 Budsjettramme NAV	14
4.8 Budsjettramme Helse og rehabilitering	14
4.9 Budsjettramme Samfunnsutvikling	14
4.10 Budsjettramme Tekniske tenester	14
4.11 Budsjettramme Kultur og fritid	15
4.12 Budsjettramme Fellestenester	15
4.13 Budsjettramme Politikk	15
4.14 Tilskotsramme Kyrkja og andre trussamfunn	15
5.0 Investeringsbudsjett 2010	16
6.0 Økonomiske tabellar	21
7.0 Økonomiplan drift 2010 – 2013	23
7.1 Framskrivning driftsinntekter	23
7.2 Framskrivning driftsutgifter	24
7.3 Framskrivning investeringsutgifter	25
8.0 Handlingsplan 2010 – 2013	27
A. Brukarar/ innbyggjarar	27
B. Samfunnsutvikling	28
C. Tilsette	30
D. Økonomi	31
Vedlegg:	
Forslag til budsjettinnstilling	
Budsjettbrev frå Fylkesmannen	

1.0 Innleiing.

I tråd med årshjulet og tidlegare politiske vedtak har rådmannen utarbeidd budsjettgrunnlag, samt forslag til økonomiplan og revidert handlingsplan.

I rådmannen sitt budsjettgrunnlag for 2008 vart det sett grundig på inntektssida, i grunnlaget for 2009 vart det orientert grundig om utgiftssida og i revidert budsjett for 2009 vart det sett ekstra grundig på investeringane. Dermed er dei folkevalde dei to siste åra blitt tilført ein omfattande grunnkompetanse om kommunen sine inntekter, utgifter og investeringar. I år og neste år ønskjer ein å unngå for mykje gjentakning og difor reduserer ein på omfanget av det rådmannen legg fram som budsjettgrunnlag. Etter neste kommuneval vil ein så på ny utvide budsjettgrunnlaget slik at nødvendig informasjon om detaljane i det kommunale budsjettet også blir tilført nye politikarar.

1.1 Organisering av budsjettarbeidet.

Statsbudsjettet vart lagt fram den 13.10.2009 og få dagar seinare kom det oversikt frå departement, KS og fylkesmannen som viste konsekvensane for kvar kommune. Med bakgrunn i dette og i tidlegare vedtak har rådmannen utarbeidd saldert budsjettgrunnlag for formannskapet.

I tråd med godkjent møteplan for hausten 2009 legg ein til grunn at den vidare offentlege budsjettprosessen blir gjennomført som følgjer:

22.10.2009: Utsending av rådmannen sitt salderte budsjettgrunnlaget til formannskapet.

05.11.2009: Budsjettdrøfting i formannskapet

03.12.2009: Formannskapet vedtek budsjettsaka som så blir lagt ut til offentleg ettersyn.

17.12.2009: Kommunestyret godkjenner budsjett, økonomiplanen og handlingsplanen.

1.2 Målsetjinga med budsjettarbeidet.

Ved utarbeiding av budsjett 2010 og økonomiplan 2010 – 2013 er det lagt vekt på å kome fram til ei fornuftig og berekraftig disponering av kommunen sine økonomiske ressursar. For å dekke inn tidlegare opparbeidd underskot blir driftsnivået frå 2009 i stor grad ført vidare i 2010 og i resten av økonomiplanperioden. Kun heilt nødvendig auke blir lagt inn i budsjetttrammene. Dette betyr vidareføring av dei fleste reduksjonane i tenestetilbodet som vart vedteke gjennomført i 2009.

Kommunen har som mål å oppnå eit netto driftsresultat i prosent av inntektene på minst 3,0 %. Dette er i tråd med det staten og KS meiner er nødvendig for å sikre ein berekraftig økonomi, og betyr for Kvinnherad eit årleg driftsoverskot på minst 25,0 mill. kr.

Årsaka til at det er nødvendig med så stort overskot er at kostnader som slitasje og verdifall på bygningar, inventar, maskiner og liknande ikkje blir trekt frå når netto driftsresultat blir berekna. Eit netto driftsresultat i balanse betyr dermed at kommunen i realiteten går med stort underskot.

Private verksemdar har som mål å skape overskot som eigarane om dei ønskjer kan ta ut som utbytte. Slik er det ikkje i ein kommune. Der er målet å skape velferd for innbyggjarane, og eit eventuelt overskot kan ikkje takast ut som "utbytte". Overskot kan sparast og brukast seinare, eller det kan brukast til å betale ned gjeld slik at det blir rom for betre tenestetilbod i framtida. Uansett korleis overskot blir disponert, så kjem det før eller seinare innbyggjarane til gode.

Dei fleste kommunar treng meir midlar til styrking av vedlikehaldet, og KOSTRA –tal tyder på at Kvinnherad har eit ekstra stort etterslep. Stoda kan samanliknast med ein familie som har brukt inntekt og lånte midlar til alt anna enn maling og vedlikehald av huset dei bur i. Oppgåvene på huset blir etter kvart mange og det blir stadig viktigare å prioritere dei rette reparasjonane først. Ein bør ikkje pusse opp badet og byggje på, når det største problemet er lekkasje i taket. Ut frå dette bør kommunen kanskje vente med alle nybygg og større ombyggingar til den eksisterande bygningsmassen oppfyller prioriterte krav frå brannvesen, arbeidstilsyn, miljøretta helsevern og HMS.

Som ein kvar familie må også kommunen unngå å ta opp så store lån at økonomisk handlefridom blir borte. Sjølvfinansiering av nødvendige investeringar må difor no aukast slik at den svært høge lånegjelda kan reduserast. For å oppnå dette er det ein føresetnad at kommunen går med solide overskot også i åra etter at det store underskot er dekkja inn.

For ein kommune er det heilt avgjerande med ei mest mogeleg jamn driftsutvikling frå år til år, der ein unngår økonomiske oppturar med påfølgjande nedturar. For å oppnå dette er det viktig at ein maktar å etablere ein driftsøkonomi som er mindre avhengig av variable inntekter frå finansielle plasseringar. Det betyr at når underskotet er dekkja inn må ein halde fram med å budsjettere med overskot, men då utan inntekter frå det kommunale kraftfondet. Dei varierende inntektene frå fondet bør i staden avsetjast i budsjettet til eigenfinansiering av investeringane. Fondsauke ut over dette bør kun kome fram som eit overskot i rekneskapen, og ikkje som inntekter ein må ha for å oppretthalde driftsnivået.

Dei samla konsekvensane må etter dette bli ytterlegare innstraming i dei fleste aktivitetane og tilboda til kommunen, samt vidare utsetjing av nye og viktige drifts- og investeringsoppgåver.

1.3 utfordringar.

I sentrale deler av landet er den viktigaste kommunale oppgåva å halde tritt med utviklinga. Der slit dei med å byggje skular og barnehagar raskt nok og å regulere bustadområde i nødvendig omfang. I slike kommunar treng ein ikkje å arbeide for vekst, men for å handtere vekst.

I Kvinnherad er stoda noko annleis. Her må kommunen vere ein sentral aktør og pådrivar for å skape vekst og utvikling og for å unngå stagnasjon og tilbakegang. Kommunen ligg midt mellom ein kyst i vekst og eit innland i tilbakegang. Dermed kan det vere mogeleg å skape vekst også her, men om ein ikkje lukkast kan det like gjerne ende med stagnasjon og fråflytting.

I Hardanger slit ein med fråflytting og låg næringsverksemd. Næringsstrukturen appellerer ikkje spesielt til ungdom med utdanning, og dermed er det vanskeleg å sjå for seg den store tilflyttinga. Sjølv med eit godt offentleg tenestetilbod er resultatet etter kvart blitt ein svært høg snittalder.

Ute ved kysten og rundt Bergen er næringsaktiviteten høg og tilbodet til ungdom med utdanning langt betre. Dermed veks også folketalet, noko som mellom anna fører til at mange kommunar kjem på etterskot med tenestetilbodet. Paradokset som kan oppstå er at til dårlegare tenester ei kommune kan tilby til større blir innflyttinga, og til betre tenestene er til større blir fråflyttinga.

Til større reiseavstanden mot nærmaste senter er og til meir gravgrendt eit område er, til større er nedgangen i folketalet. Difor har ein i Kvinnherad satsa mykje på reduserte reisetider gjennom betre samferdsle, samtidig som ein har jobba aktivt for etablering av eitt senter i eigen kommune.

Langt på veg har ein lukkast med denne prioriteringa. Samtidig som folketalet har halde seg stabilt har næringslivet utvikla seg positivt og dermed skapt auka optimisme og pågangsmot. Om dette vil halde fram i tida som kjem, vil nok i stor grad vere avhengig av at kommunen held fram med aktiv satsing på samfunnsutvikling og då spesielt på samferdsle og sentrumsutbygging.

Sjølv om ein med ei slik satsing har makta å oppretthalde eit stabilt folketal, så skjer det ei flytting frå dei mindre til dei større bygdene internt i kommunen. Når snittalderen i tillegg er på veg opp, må konsekvensen etter kvart bli at kommunen held oppe eit tenestetilbod i mange bygder med færre brukarar og innbyggjarar. Resultatet blir ei stadig dyrare kommune å drive. Den kan drivast billegare, men då må tilboda sentraliserast.

Motstanden mot slik sentralisering er stor. Ein treng ikkje lese lenge i eigedomsmagasinet for å sjå kvifor. Kort veg til butikk, skule og barnehage er salsargument på line med sol og utsikt. Sjølv om lokal sentralisering kan styrke det samla folketalet og betre den kommunale økonomien, så er det samtidig med og skaper "lokal utarming" så vel for individet som for kollektivet i dei små bygdene.

Det store dilemma for ei så stor og grisgrendt kommune som Kvinnherad blir dermed om ein skal styrke sentraliseringa og dermed godta meir lokal splid og ufred, eller om ein skal oppretthalde ein økonomisk urasjonell struktur i von om å oppnå ei viss grad av fred og forsoning.

Sjølv om kommunen legg godviljen til og nyttar all energi og tilgjengelege ressursar på å skape ny vekst i alle byder, så tyder den demografiske utviklinga på at det er eit tidsspørsmål før barne- og elevtalet er så lågt i ein del bygder at skulane og barnehagane ikkje kan drivast vidare. Om ein del år kan dermed kommunen stå att med færre innbyggjarar, langt svakare økonomi og ei rad tome bygg utan økonomisk verdi.

Rådmannen ser på prognosane for utviklinga i alderssamansetjinga som den største utfordringa i åra som kjem. Sjølv om det er den mest positive prognosen til SSB som slår til vil konsekvensane bli stadig færre barn, elevar og yrkesaktive og etter kvart kraftig auke i talet på pensjonistar og eldre. Resultatet av dette må bli overføring av kommunale budsjettmidlar frå skule og barnehage til pleie og omsorg.

Alternativet kan vere at kommunen sluttar med all samfunnsutvikling og i tillegg prioriterer ned leiing, administrasjon og vedlikehaldet ytterlegare. Dette vil likevel ikkje vere nok til å halde oppe eit godt og desentralisert tenestetilbod.

Når staten krev ein viss standard på tenestene og i tillegg pålegg kommunen nye oppgåver som for eksempel samhandlingsreforma, så må konsekvensane etter kvart bli kraftig endring i det kommunale tenestetilbodet og då spesielt endringar knytt til struktur. Til raskare ein startar arbeidet med å førebu seg på desse endringane, til betre vil ein makte å møte utfordringane. Ut frå dette vil ein rå til at det i økonomiplanperioden blir vedteke samlokalisering av tenesteyting innanfor fleire sektorar, og då spesielt skule- og barnehagesektoren.

I tillegg til å rasjonalisere og effektivisere drifta vil færre bygningar og institusjonar føre til mindre investeringsbehov, og til kraftig reduksjon i det store etterslepet på vedlikehaldssida. Dette er viktig for å betre økonomien og for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten på tenestetilboda.

I ei tid der snittalderen på innbyggjarane så vel i Noreg som i Europa er aukande, og der sentraliseringskreftene er kraftigare enn nokon gong, er det svært viktig at ei distriktskommune som Kvinnherad maktar å prioritere midlar til tiltak som kan oppretthalde og helst auke talet på innbyggjarar.

Slik positiv folketalsutvikling har kommunen hatt som mål i over 30 år. For å oppnå dette har ein satsa tungt på samferdsle, næringsutvikling, aktiv og positiv haldning til arealbruk og -planlegging og etter kvart også målretta sentrumsutvikling.

Tek ein med Jondalstunnelen, Årsnesprosjektet og vegutbetringa på Halsnøy, så vil det i løpet av vel 10 år bli investert for meir enn 2,0 milliardar kroner på vegnettet i Kvinnherad. Av dette har kommunen og brukarane betalt nær 25,0 % i form av tilskot, forskotteringar og bompengar.

For vel 10 år sidan gjennomførde Næringslivets Hovedorganisasjon ved hjelp av forskingsstiftinga FAFO ei større gransking av næringslivet sine vurderingar av det kommunale tenestetilbodet. Her kom Kvinnherad ut som nest best i landet innan rask sakshandsaming, gode reguleringsplanar og interesse for bedriftene si utvikling.

Dei siste 30 åra har det kvart år i snitt blitt realisert over 100 bustadhus og hytter i kommunen. Ein tredjedel av desse bustadane står i kommunale bustadfelt. I strandsona har i same perioden bygging av industri, servicebygg og naust med høg standard fått eit omfang som har ført til at fylkesmannen langt på veg har overteke styringa av arealbruken.

Satsinga på samferdsle og næringsutvikling kombinert med planlegging, tilrettelegging og positive haldninga til byggeaktivitet har ført til optimisme og bidrege til vekst i talet på arbeidsplassar.

I tillegg har sentrumsutbygging ført til kraftig reduksjon i handelslekkasjen ut av kommunen og til ekstra kraftig auke i talet på arbeidsplassar innan dei tenesteytande næringane. Samtidig har denne utbygginga ført til auka tilstrøyming av turistar og andre som ønskjer å handle i kommunen.

Som ein konsekvens av alt dette har kommunen makta å oppretthalde folketalet dei siste 30 åra. Det er ingen andre kommunar med tilsvarande sentralitet som har makta noko liknande, og dette viser klart at det har nytta med den sterke satsinga på samferdsle, næringsutvikling, liberal arealpolitikk og sentrumsutvikling.

Skal ein i tillegg makte å auke folketalet så kraftig at snittalderen går ned, må nok langt kraftigare verkemiddel takast i bruk. Om kommunen rår over dei økonomiske ressursar som i så fall må til er tvilsamt. I alle fall må ei slik satsing få langt større konsekvensar for tenesteproduksjonen enn det satsinga så langt har medført. Dette gjeld både kvalitet og omfang, og truleg må alle tenestetilbod konsentrerast om dei største tettstadane i kommunen. Om det er politisk vilje til så omfattande intern sentralisering er mildt sagt usikkert.

2.0 Driftsinntekter 2010.

2.1 Frie inntekter.

Saman med dei kommunale skatteinntektene utgjere rammetilskotet dei frie inntektene som kommunen kan disponere fritt innanfor gjeldande lover og forskrifter. Rammetilskotet er for Kvinnherad sin del innbyggjartilskot, utgiftsutjamning, inntektsutjamning, kompensasjon for diverse oppgåver og for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift. Tidlegare var selskapsskatten ein del av rammetilskotet, men den fall bort i fjor og er delvis blitt erstatta av eit heilt nytt distriktpolitisk tilskot.

Innbyggjartilskotet er det største tilskotet og blir fordelt med lik sum pr. innbyggjar til alle kommunar, medan utgiftsutjamninga skal fange opp variasjonar i etterspørselen og kostnadane ved produksjon av kommunale tenester. Frå i år til neste år vil desse to inntektspostane auke med 7,77 mill. kr til 191,4 mill. kr.

Bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift blir neste år kompensert med 15,3 mill. kr, ein auke frå i år på 0,595 mill. kr.

Distriktpolitisk tilskot blir auka med 0,987 mill. kr til 6,05 mill. kr.

Inntektsutjamninga skal jamne ut skilnaden i skatteinntekter mellom kommunane. For Kvinnherad blir den til neste år sett til 7,544 mill. kr. Dette er ein reduksjon frå i år på 0,259 mill. kr.

Skatteinntektene til kommunen blir i statsbudsjettet sett til 294,273 mill. kr. Dette er ein auke frå godkjent budsjett i år på 16,273 mill. kr. Forventa vanskar i næringslivet kan tyde på at dette er vel høgt, og difor vil det bli ekstra viktig med ein buffer i budsjettet for neste år.

For 2010 er dermed skatt og inntektsutjamning samla sett til 301,8 mill. kr, ein auke frå i år på 19,097 mill. kr.

Ekstra tilskot frå statleg krisepakke fell neste år bort, og dermed vil dei frie inntektene samla auke med 25,5 mill. kr. Sum frie inntekter blir dermed på 514,55 mill. kr, noko som gjev ein auke frå i år til neste år på 5,2 %. Tek ein omsyn til dei midlane som skal gå til nye oppgåver, er auken på 4,2 %

2.2 Andre inntekter.

Tek ein med driftsinntektene så viser KOSTRA-tal at dei frie inntektene utgjere vel 70,0 % av kommunane sine samla inntekter. For Kvinnherad utgjere dei frie inntektene under 60,0 %, og årsaka er at andre inntekter er høgare i Kvinnherad enn i dei fleste andre kommunane i landet.

Til neste år vil dei andre inntektene til kommunen auke med 11,4 mill. kr og dermed bli på heile 123,7 mill. kr. Årsaka er følgjande:

- Momsuttrekket er kompensasjon for innbetalt moms knytt til drift og investering. Reduksjonen i momsuttrekk knytt til investering skuldast statleg krav om overføring til investeringsbudsjettet. Reduksjon i momsuttrekk knytt til drift skuldast låg driftsauke grunna budsjettinnstramingane.
- Eigedomsskatten i Kvinnherad blir utvida i 2010 til å gjelde alle eigedomar i kommunen. Med utgangspunkt i eit vanleg nivå på slik skatt på 200,- kr pr. måned for ein standard bustad, tilseier

talet på bygg i kommunen at auken i eiedomsskatt i 2010 vil bli på rundt 18,0 mill. kr. Av dette skal rundt 4,0 mill. kr nyttast til å betale kostnadane med innføring av ordninga. Netto auke neste år blir dermed på 14,0 mill. kr. Skulle reglane for berekning av eiedomsskatt frå kraftverk bli endra slik kraftkommunane sin organisasjon LVK no krev, vil eiedomsskatten til Kvinnherad auke med ytterlegare 22,0 mill. kr. I den nye regjeringserklæringa er det dessverre ingen ting som tyder på slik endring.

- Frå Kvinnherad Energi AS blir det i tråd med godkjent økonomiplan budsjettert med eit utbytte på 9,0 mill. kr. Frå førehandssal av konsesjonskraft får kommunen ei årleg inntekt på 7,2 mill. kr. I tillegg til dette får kommunen inntekter frå overskot når innkjøpsprisen på konsesjonskrafta går ned i høve til prisen i 2001. Kommunen får også konsesjonskraftsinntekter frå produksjonsauke etter 2001. Her blir det til neste år lagt inn ein mindre reduksjon då rekneskapstala så langt tyder på at det er blitt budsjettert med for høge inntekter i år.
- Etter sal av aksjane i Sunnhordland kraftlag og etablering av det kommunale kraftfondet vedtok kommunestyret at verdiar ut over inflasjonsjustert grunnkapital kunne nyttast til styrking av den kommunale drifta. Dette har gjeve gode driftsresultat i mange år, men i 2008 fall verdien på fondet kraftig og dermed fikk kommunen et underskot på 47,4 mill. kr. Dette må dekkast inn i åra som kjem, og mellom anna difor vart det også i år budsjettert med utbytte frå fondet. No ser det ut til at fondet kanskje vil gje eit utbytte som ligg 40,0 mill. kr over budsjettet. Saman med mindre driftsoverskriding betyr dette at det opparbeidde underskotet kan reduserast til ned mot 10,0 mill. kr. For å dekke inn dette så raskt som mogeleg blir det budsjettert med tilsvarande sum i utbytte frå fondet også til neste år. Ein vonar dermed at alt underskot blir dekkast inn i 2010. I åra etter vil ein i tråd med tilråding frå fylkesmannen overføre utbytte frå kraftfondet til eigenfinansiering av nye investeringar.
- Andre inntekter/utgifter og premieavvik pensjon forventar ein vil bli om lag som innlagt i godkjent økonomiplan. Samla vil dermed andre inntekter auke med over 10,0 % til neste år.

2.3 Renter og avdrag.

Kommunen får ein del inntekter frå renter på bankinnskott når likviditeten er god. Her forventar ein nedgang i likviditeten og framleis låg innskotsrente. Inntektene blir difor sett til 3,0 mill. kr. Kompensasjon for VA-investeringane er sett for høgt i år, og blir redusert til 10,0 mill. kr neste år. Også refusjon skulebygg blir justert litt ned. Når det gjeld renterefusjon Sætre skule er den med i driftskonsekvensane av nye investeringar.

Kompensasjonstilskott frå Husbanken blir som i budsjettet for i år sett til 7,0 mill. kr, medan renteinntekter formidlingslån blir auka til 2,3 mill. kr.

Inntektene frå næringslivslån vil til neste år bli på rundt 1,0 mill. kr. Inntektene frå Norsafe AS fell bort, medan næringslivet sin vegforskotteringa på Halsnøy kjem i tillegg.

Kvinnherad har svært høg lånegjeld, og dermed blir også kommunen sine kapitalutgifter høge. Avdraga blir auka til 22,75 mill. kr, medan renteutgiftene blir auka til 34,0 mill. kr. Ein legg då til grunn renteauke på 1,0 % neste år. I tillegg kjem 3,0 mill. kr i auka renter og avdrag som følgje av nye investeringar. Samla gjev dette 36,0 mill. kr i kapitalutgifter, ein auke frå i år på 9,3 mill. kr eller vel 34,8 %.

2.4 Sum inntekter

Utviklinga i kommunen sine inntekter.

<i>Inntekstpostar</i>	<i>Rekneskap 2007</i>	<i>Rekneskap 2008</i>	<i>Rev. budsjett 2009</i>	<i>Endring frå 2009 til 2010</i>	<i>Budsjettforslag 2010</i>
Innbyggjartilskot og utgiftsutjamning	131 606	142 371	183 630	-7 770	-191 400
Bortfall diff. Arbeidsgjevaravgift	-13 474	-14 078	-14 705	-595	-15 300
Selskapsskatt	-18 785	-29 817			
Distriktpolitisk tilskot			-5 063	-987	-6 050
Skatt og inntektsutjamning	-254 664	-261 740	-282 703	-19 097	-301 800
Ekstra tilskot frå statleg krisepakke			-2 950	2 950	
Sum frie inntekter	-418 479	-448 006	-489 050	-25 500	-514 550
MVA investering	-4 666	-3 107	-4 000	500	-3 500
MVA drift	-14 449	-15 282	-16 000	500	-15 500
Eigedomsskatt	-49 509	-52 074	-53 000	-14 000	-67 000
Utbytte frå Kvinnherad Energi AS	-8 500	-6 700	-9 000		-9 000
Kursgevinst / tap frå kraftfondet	-27 014	81 389			
Utbytte frå kraftfondet	-11 300		-10 000		-10 000
Bruk av førehandssal konsesjonskraft	-7 210	-7 210	-7 200		-7 200
Konsesjonsstramsal	-4 129	-3 813	-3 800		-3 800
Konsesjonsavgifter	-7 616	-7 618	-7 900	100	-7 800
Premieavvik pensjon	-9 763	-10 303			
Andre inntekter og utgifter	434	400	-1 400		-1 400
Sum andre inntekter	-143 722	-27 276	-112 300	-12 900	-125 200
Renter diverse bankinnskot	-5 807	-8 205	-6 500	3 500	-3 000
Dekking VA-investeringar	-10 042	-10 104	-10 500	500	-10 000
Refusjon renter skuleinvesteringar	-549		-500	50	-450
Kompensasjonstilskot husbanken	-5 662	-7 689	-7 000		-7 000
Renteinntekter formidlingslån	-1 955	-2 456	-1 800	-500	-2 300
Renter og avdrag næringslån	-326	-623	-1 000		-1 000
Avdrag kommunale lån	22 057	20 517	21 000	1 750	22 750
Renter kommunale lån	37 605	51 412	33 000	1 000	34 000
Renter og avdrag nye lån				3 000	3 000
Sum renter og avdrag	35 647	42 852	26 700	9 300	36 000
Sum inntekter	-526 383	-432 101	-574 650	-29 100	-603 750
Ikkje disp. / disp. tidleg. Overskot	27 659	-62 473			
Sum innt. til drift av kommunen	-498 895	-494 574	-574 650		-602 750
Overskrid./dekking tidl. overskrid.		-47 411	6 350		10000
Inntekter fordelt på verksemdene	-498 870	-539.356	568 300		-593 750

Med 514,55 mill. kr i frie inntekter, 125,2 mill. kr i andre inntekter og 36,0 mill. kr i kapitalutgifter, blir kommunen sine samla driftsinntekter til neste år på 603,75 mill. kr. Dette betyr ein auke frå budsjettet i år på 29,1 mill. kr eller 5,0 %. Av dette blir 10,0 mill. kr avsett til dekking av tidlegare underskot, medan 593,75 mill. kr går til tilskot kyrkja og til drift av dei kommunale verksemdene.

Det ser ut til at kommunen i år vil kunne ende opp med eit driftsresultat som gjere det mogeleg å redusere det opparbeidde underskotet til ned mot 10,0 mill. kr. Årsaka er veksten i kraftfondet. For å sikre at kommunen er ute av ROBEK-lista ved utgangen av 2010, er det difor svært avgjerande at det blir sett av minst 10,0 mill. kr til dekking av tidlegare underskot. I tillegg kjem behovet for midlar til dekking av uventa utgifter. Helst burde ein difor sett av det doble.

Til tross for slik avsetjing vil det til neste år bli 4,4 % auke i det kommunale driftsbudsjettet. Dette er på nivå med forventa vekst i løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift. Ser ein bort frå nye pålagde driftstiltak skulle det dermed vere mogeleg å oppnå balanse til neste år.

I følge tertialrapport 2/2009 vil det truleg bli ei overskriding i år på vel 10,0 mill. kr. Saman med nye utgifter til neste år vil det dermed bli nødvendig med ytterlegare reduksjon i tenestetilbodet.

3.0 Framskriving driftsutgifter 2010

3.1 Lønsutgifter.

Den største utgiftsposten til kommunen er løn, og då først og fremst løn til fast tilsette. I tillegg kjem variabel løn til vikar, ekstrahjelp, overtid, beredskap og anna godtgjersle. Til slutt kjem sosiale utgifter til pensjon, forsikring og arbeidsgjevaravgift.

Frå 2007 til 2008 auka lønsutgiftene med heile 9,4 %. Årsaka var eit spesielt godt lønsoppgjær, auke i talet på tilsette og vekst i pensjonsutgiftene.

I budsjettgrunlaget for 2009 viste rein lønsframskriving utgifter på heile 626,5 mill. kr. I godkjent budsjett vart lønsutgiftene sett til 604,4 mill. kr, medan rekneskapsresultatet no ser ut til å ende på rundt 614,0 mill. kr. Ei viktig årsak til at ein ikkje makta å nå budsjettmålet, var stort overheng frå 2008 og ei viss tid til gjennomføring av innsparingstiltak våren 2009.

Auken frå i fjor til i år som skulle blitt på 4,7 %, blir dermed på 6,3 %. Dette er likevel 3,1 % lågare enn auken frå 2007 til 2008. Ser ein i tillegg bort frå pensjon og arbeidsgjevaravgift, så vil auken i lønsutbetalingane bli på 1,8 %. Dette er langt lågare enn lønsveksten, og viser dermed klart at innsparingstiltaka i budsjettet for 2009 har gjeve resultat.

I budsjettgrunlaget for 2010 er det ikkje lagt inn noko form for premiering av dei som har nytta for mykje lønsmidlar i 2009. Det betyr at ved framskriving av lønsutgiftene blir budsjettet på 604,4 mill. kr lagt til grunn. Med årslønsvekst på 3,5 % slik statsbudsjettet for 2010 legg opp til, vil dei reine lønsutgiftene dermed auke frå 461,0 mill. kr i år til 477,0 mill. kr neste år.

Veksten i pensjonskostnadane ser ut til å bli litt lågare til neste år enn det den har vore dei siste åra. Samla forventar ein at pensjonskostnadane vil bli på 72,5 mill. kr.

Med 14,1 % i arbeidsgjevaravgift og 3,0 mill. kr til forsikring, vil samla lønsbudsjett i 2010 dermed bli på 630,0 mill. kr. Dette er ein budsjettauke frå i år til neste år på 25,6 mill. kr eller 4,2 %. I høve til venta resultat i 2009 vil auken bli på 2,6 %. Dette er mindre enn forventa lønsauke, og difor vil det som alt påpeikt bli nødvendig å halde fram med eit redusert tenestetilbod også i 2010.

3.2 Andre driftsutgifter.

Verksemdene sine andre driftsutgifter er kostnader knytt til den daglege drifta. Dette gjeld inventar, utstyr, kontorutgifter, data, telefon, porto, ulike tilskot, konsulenttenester, husleiger, reiseutgifter, opplæringskostnader, energikostnader, vedlikehald, serviceavtaler, vaskeritenester, matvarer, medisin, sosialstønader, kjøp av tenester, overføringar og meirverdiavgift.

I 2008 enda utgiftene på 205,3 mill. kr. Auken frå 2007 til 2008 skuldast først og fremst utgifter som kommunen i liten grad styrer. Dette gjeld spesielt auka straumkostnader og auka tilskot til private barnehagar.

Også i år vil det skje auke i utgifter som kommunen i liten grad styrer. Grunna innsparingstiltak vonar ein likevel at utgiftene vil bli om lag på same nivå som i fjor. Med prisstigning på 2,4 % og heilårseffekt av vedtekne innsparingstiltak, så tilseier dette utgifter i 2010 på vel 210,0 mill. kr.

3.3 Driftsinntekter.

Kommunen sine driftsinntekter består av brukarbetaling, salsinntekter, husleiger, gebyr, tilskot, refusjonar, ulike overføringar, og ein del mindre finansinntekter.

Frå 2007 til 2008 auka driftsinntektene med 12,9 %. Ei viktig årsak var auka overføring til dei private og kommunale barnehagane.

Frå 2008 til 2009 vart psykiatrimidlane på vel 10,0 mill. kr overført til rammetilskotet, og dette tilseier lågare inntekter i år enn i fjor. Så langt tyder rekneskapstala likevel på at driftsinntektene kanskje vil bli på 240,0 mill. kr. Ei viktig årsak er auka tilskot og auka betalingssatsar i 2009.

Med prisvekst på opp mot 3,0 % tilseier dette driftsinntekter i 2010 på 245,0 mill. kr. Dette betyr at driftsinntektene til verksemdene dermed vil bli 35,0 mill. kr høgare enn dei andre driftsutgiftene til neste år.

3.4 Sum utgifter

Framskrivning av kommunen sine utgifter.

<i>Utgiftspostar</i>	<i>Rekneskap 2007</i>	<i>Rekneskap 2008</i>	<i>Rev. budsjett 2009</i>	<i>Endring frå 2009 til 2010</i>	<i>Budsjettforslag 2010</i>
Lønsutgifter	527 808	577 511	604 386	25 614	630 000
Andre driftsutgifter	186 758	205 334	173 733	36 267	210 000
Driftsinntekter	-215 696	-243 490	-209 819	-35 181	-245 000
Tiltak med endring i inntekter og utgifter					-1 250
Sum framskrivne driftsutgifter	498 870	539 355	568 300	31 700	593 750

I følge vedteke budsjett skulle dei samla driftsutgiftene til verksemdene auke frå i fjor til i år med 5,4 %. No ser det ut til at rekneskapsresultatet vil gje ein auke på 7,3 %. Tek ein omsyn til flytting av psykiatrimidlane, blir auken redusert til 5,4 %. Ser ein bort frå auken i dei sosiale kostnadane, blir veksten i dei samla driftsutgiftene redusert til 1,7 %. Dette er langt lågare enn lønstillegga til dei tilsette, noko som viser at dei vedtekne innsparingstiltaka har gjeve resultat.

Dersom lønsutgiftene til neste år blir på 630,0 mill. kr, andre driftsutgifter blir på 210,0 mill. kr og inntektene til verksemdene blir på 245,0 mill. kr, så vil dei samla driftsutgiftene til verksemdene bli på 595,0 mill. kr. Ser ein bort frå nye tiltak, er dette 0,6 mill. kr lågare enn det som ligg i vedteken økonomiplan. Budsjettveksten frå i år til neste år vil i så fall bli på 4,6 %, medan veksten i høve til forventa driftsresultat i år vil bli på 3,4 %.

I godkjent budsjett for i år ligg det inne fleire innsparingstiltak med halvårseffekt. Dei vil til neste år gje heilårseffekt, og dette må det takast omsyn til ved fastsetjing av budsjettrammene. Dette gjeld også nye pålegg og vedtak i 2009 som gjev auke eller reduksjon i utgiftene. I tillegg må det takast omsyn til nødvendige driftsutgifter og driftskonsekvensar av vedtekne investeringsprosjekt som for eksempel dei nye psykiatribustadane på Husnes.

Samla vil alt dette gje ein reduksjon i dei samla budsjettrammene på 1,25 mill. kr, og dermed vil driftsrammene til verksemdene i 2010 bli på 593,75 mill. kr.

Dette vil gje ein budsjettvekst til neste år på 4,4 %. Tek ein omsyn til forventa driftsresultat i år, så vil auken til neste år bli på 2,5 %. Som tidlegare påpeikt må konsekvensen av dette bli at ein også i 2010 må redusere det kommunale tenestetilbodet.

4.0 Budsjettrammer 2010.

4.1 Budsjettrammer for kommunen samla.

Budsjettrammer for kommunen samla.

Utgifts- og inntekstpostar kommunen samla	Budsjettgrunnlag
Budsjettramme 2009	568 300
Lønsvekst	25 550
Prisstigning driftsutgifter og driftsinntekter	-2 000
Heilårseffekt av tidlegare innsparingstiltak,	-5 750
Heilårseffekt av tidlegare pålegg om utgifter	8 450
Nye driftsutgifter	8 100
Nye innsparingstiltak / auka inntekter	-8 900
Budsjettramme kommunen samla 2010	593 750

I tillegg til framskriving av verksemdene sine driftsbudsjett, må ein som påpeikt ta omsyn til heilårseffekt av tidlegare vedtekne utgifter og innsparingstiltak. I tillegg kjem nye vedtak i 2009 som gjev auke eller reduksjon i utgiftene. Til slutt må det også takast omsyn til nye nødvendige tiltak som må setjast i verk neste år.

Alle desse endringane viser at samla budsjettramme for 2010 vil bli på 593,75 mill. kr. Dette er 3,85 mill. kr mindre enn det som ligg i godkjent økonomiplan.

Sjølv om også inntektene ser ut til å bli noko lågare enn i gjeldande økonomiplan, så vil det likevel bli 10,0 mill. kr til dekking av tidlegare underskot. Dette vonar ein skal vere nok til at kommunen frå starten av 2011 er ute av ROBEK-lista.

4.2 Budsjettramme Skulane.

Utgifter og inntekter:

Utgifts- og inntekstpostar Skulane	Budsjettgrunnlag	Rammer 2010
Budsjettramme 2009	154 000	
Lønsvekst	6 100	
Prisstigning driftsutgifter og driftsinntekter	-500	
Pålagd forsterka opplæring – heilårseffekt	550	
Utvida timetal og gratis leksehjelp SFO	2 650	
Redusert lærartimetal – heilårseffekt	-1 500	
Busslomme Ljosnes – reduserte drosjeutgifter	-50	
Budsjettramme skulane 2010		161 250

I tillegg til løns- og prisvekst blir det lagt inn heilårseffekt av pålagd forsterka opplæring og redusert lærartimetal. Med busslomme på Ljosnes vil skysstutgiftene til Uskedalen skule bli lågare.

4.3 Budsjettramme Barnehagane.

Utgifter og inntekter:

Utgifts- og inntekstpostar Skulane	Budsjettgrunnlag	Rammer 2010
Budsjettramme 2009	17 300	
Lønsvekst	2 800	
Prisstigning driftsutgifter og driftsinntekter	-1 300	
Auka tilskot frå staten	-500	
Heilårseffekt ny barnehageavdeling på Husnes	100	
Budsjettramme barnehagane 2010		18 400

I tillegg til løns- og prisvekst blir det lagt inn heilårseffekt av ny barnehageavdeling på Husnes.

4.4 Budsjettramme Sonene.

Utgifter og inntekter:

<i>Utgifts- og inntekstpostar Sonene</i>	<i>Budsjettgrunnlag</i>	<i>Rammer 2010</i>
Budsjettramme 2009	199 750	
Lønsvekst	9 000	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter	-750	
Samanslåing matproduksjon – heilårseffekt	-1 000	
Stenging gamal del Rosendalstunet – heilårseffekt	-700	
Auka refusjon tunge brukarar	-5 000	
Styrking Hatlestrandsona grunna ingen endring på Varaldsøy aldersheim.	200	
Styrking Herøysundsona grunna tung brukar	500	
Pålegg om styrking av bemanninga i Husnessona	500	
Budsjettramme for Sonene samla i 2010		202 500
Budsjettramme for Halsnøysona i 2010	30 100	31 200
Budsjettramme for Husnessona i 2010	63 000	65 700
Budsjettramme Herøysundsona i 2010	36 000	37 700
Budsjettramme Rosendalssona i 2010	54 000	55 200
Budsjettramme Hatlestrandsona i 2010	22 100	23 100
Budsjettramme felles for sonene i 2010	-5 450	-10 400

I tillegg til løns- og prisvekst blir det lagt inn heilårseffekt av samanslåing matproduksjon og av stenging gamal del av Rosendalstunet. Vidare blir refusjon tunge brukarar auka i tråd med rekneskapstala for 2008 og 2009. Hatlestrandsona blir styrkt grunna vedtak om ikkje å endre Varaldsøy aldersheim. Herøysundsona blir styrkt grunna ny brukar, og i tråd med tidlegare pålegg blir det lagt inn ekstra auke til Husnessona.

4.5 Budsjettramme Tiltak og tenester barn og unge.

Utgifter og inntekter:

<i>Utgifts- og inntekstpostar Tiltak og tenester barn og unge</i>	<i>Budsjettgrunnlag</i>	<i>Ramme 2010</i>
Budsjettramme 2009	36 600	
Lønsvekst	1 400	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter	0	
Drift bufellesskap psykisk utviklingshemma – halvårseffekt.	1 800	
Styrking PMTO / PALS / TIBIR (tidleg innsats for barn og unge i risikosona)	400	
Budsjettramme TTBU 2010		40 200

I tillegg til løns- og prisvekst, blir det lagt inn midlar til drift halve året av bufellesskap psykisk utviklingshemma. Vidare blir det lagt inn styrking av arbeidet med tidleg innsats for barn og unge i risikosona.

4.6 Budsjettramme Tiltak og rådgjeving vaksne.

Utgifter og inntekter:

<i>Utgifts- og inntekstpostar Tiltak og rådgjeving vaksne</i>	<i>Budsjettgrunnlag</i>	<i>Ramme 2010</i>
Budsjettramme 2009	25 700	
Lønsvekst	900	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter	0	
Løns- og driftskostnader overført til NAV-kontor	-9 400	
Husleige vaksenopplæringa og TRV overført til Teknisk	-1 200	
Budsjettramme TRV 2010		16 000

I tillegg til løns- og prisvekst blir det overført nødvendige løns- og driftsmidlar til NAV-kontoret, samt husleige for vaksenopplæringa og for TRV til Teknisk.

4.7 Budsjettramme NAV-kontor.

Utgifter og inntekter:

Utgifts- og inntekstpostar NAV-kontor	Budsjettgrunnlag	Ramme 2010
Budsjettramme 2009	0	
Overføring frå tiltak og rådgjevin vaksne (TRV).	9 400	
Andre utgifter	600	
Refusjon NAV-Hordaland	-600	
Budsjettramme NAV 2010		9 400

Nytablert NAV-kontor vil neste år få heilårseffekt på budsjettet. Ekstra kostnadsauke skal dekkast av NAV - Hordaland.

4.8 Budsjettramme Helse og rehabilitering.

Utgifter og inntekter:

Utgifts- og inntekstpostar Helse og rehabilitering	Budsjettgrunnlag	Ramme 2010
Budsjettramme 2009	18 200	
Lønsvekst	650	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter	50	
Stans i kommunalt tilskot til tilbringarbil på Varaldsøy - heilårseffekt	-200	
Auka driftstilskot privatpraktiserande fysioterapeutar	700	
Auka legetilsyn ved sjukeheimane	200	
Budsjettramme Helse og rehabilitering2010		19 600

I tillegg til løns- og prisvekst blir det lagt inn heilårseffekt av stans i tilbringarbil på Varaldsøy. Vidare blir det etter statleg pålegg lagt inn auka tilskot til privatpraktiserande fysioterapeutar, samt midlar til auka legetilsyn ved sjukeheimane.

4.9 Budsjettramme Samfunnsutvikling.

Utgifter og inntekter:

Utgifts- og inntekstpostar Samfunnsutvikling	Budsjettgrunnlag	Ramme 2010
Budsjettramme 2009	12 500	
Lønsvekst	600	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter	0	
Styrking næringsutvikling	300	
Tilskot lærlingar	100	
Drift av kommunen si heimeside – nødvendige datautgifter	300	
Medierådgjevar	600	
Budsjettramme Samfunnsutvikling 2010		14 400

Budsjettramma blir auka med løns- og prisvekst, samt med ekstra midlar til næringsutvikling og til lærlingar. I tillegg blir det i tråd med tidlegare drøftingar lagt inn midlar til medierådgjevar.

4.10 Budsjettramme Tekniske tenester.

Utgifter og inntekter:

Utgifts- og inntekstpostar Tekniske tenester	Budsjettgrunnlag	Ramme 2010
Budsjettramme Tekniske tenester 2009	43 200	
Lønsvekst	2 100	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter, samt pålegg om auka bruk av veglys	350	
Drift og vedlikehald ny barnehageavdeling på Husnes - heilårseffekt	100	
Drift og vedlikehald psykiatribustader på Husnes – halvårseffekt	200	
Drift av idrettshallen overført frå Kultur og fritid	500	
Endra løn brannmannskap, auka driftsavtaler og nødvendig auke av veg- og bygningsvedlikehald	750	
Husleige NAV fråtrekt statleg del	650	
Husleige aktivitetssenteret, vaksenopplæring og TRV delvis overført frå TRV	1 950	
Husleige Kvadraten omsorgsbustader fråtrekt drift av bustadane	-850	
Auka vedlikehald parkar og sentrumsområde	300	
Reduserte energikostnader og stans i drift av toalett i Rosendal og Husnes sentrum	-350	
Endra brannvernordning	-250	
Redusert husleige frå Kvinnherad vidaregåande skule i Herøysund	100	
Budsjettramme Tekniske tenester 2010		48 750

Budsjettramma blir auka med løns- og prisvekst. I tillegg blir det lagt inn heilårseffekt av drift og vedlikehald ny barnehageavdeling på Husnes og halvårseffekt av drift psykiatribustader på Sunde. I tråd med tidlegare pålegg blir det lagt inn midlar til veglys. Dette blir finansiert med reduserte energikostnader mellom anna til Rosendal samfunnshus og stans i drift og vedlikehald av toalett- og sanitæranlegg i Rosendal og Husnes sentrum, samt forslag til ny brannordning der ein tilrår:

- Nedlegging av brannstasjonen i Uskedalen, halvering av brannstyrken på Halsnøy, samt intern opplæring og ikkje deltidsutdanning til brannmannskapa i Åkra og Fjelberg. Blålys og sirene på brannbilane i Åkra og på Varaldsøy blir fjerna.

Auka husleige til vaksenopplæringa, TRV, NAV og aktivitetssenteret blir også lagt inn. Drift av idrettshallen blir overført frå Kultur og fritid. I tillegg bli inntekter og utgifter med Kvadraten omsorgsbustader lagt inn. Oppseiing leigekontrakten i Herøysund vil gje lågare inntekter frå KVV.

4.11 Budsjettramme Kultur og fritid.

Utgifter og inntekter:

<i>Utgifts- og inntekstpostar Kultur og fritid</i>	<i>Budsjettgrunnlag</i>	<i>Ramme 2010</i>
Budsjettramme 2009	17 500	
Lønsvekst	650	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter, samt overføring drift idrettshall til Teknisk	-550	
Budsjettramme Kultur og fritid 2010		17 600

Budsjettramma blir auka med løns- og prisvekst, medan drift av idrettshallen blir overført Teknisk.

4.12 Budsjettramme Fellestenester.

Utgifter og inntekter:

<i>Utgifts- og inntekstpostar Fellestenester</i>	<i>Budsjettgrunnlag</i>	<i>Ramme 2010</i>
Budsjettramme 2009	30 250	
Lønsvekst	1 000	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter, samt auka kostnader kjøp av tenester frå Jondal	750	
Budsjettramme Fellestenester 2010		32 000

Budsjettramma blir auka med løns- og prisvekst, samt meirkostnad til kjøp av tenester frå Jondal.

4.13 Budsjettramme Politikk.

Utgifter og inntekter:

<i>Utgifts- og inntekstpostar</i>	<i>Budsjettgrunnlag</i>	<i>Ramme 2010</i>
Budsjettramme 2009	5 000	
Lønsvekst	100	
Prisvekst driftsutgifter og driftsinntekter, samt valkostnader	-300	
Overføring av kommunestyremøta på fjernsyn	150	
Kontingent Nettverk kystkommunar + auka kontingent Haukelivegen	50	
Auka utgift kontrollutvalet	100	
Budsjettramme Politikk 2010		5 100

I tillegg til løns- og prisvekst, blir valkostnadane trekt ut. I tråd med tidlegare vedtak blir det lagt inn midlar til fjernsynsoverføring frå kommunestyremøta, det blir lagt inn kontingent til Nettverk for kystkommunar samt auka kontingent til Haukelivegen og det blir i tråd med budsjettframlegg lagt inn auka løyving til kontrollutvalet.

4.14 Tilskotsramme Kyrkja og andre trussamfunn.

Utgifter:

<i>Utgiftspostar Kyrkja og andre trussamfunn</i>	<i>Budsjettgrunnlag</i>	<i>Ramme 2010</i>
Tilskotsramme kyrkja 2009	8 150	
Tilskotsramme andre trussamfunn 2009	150	
Utgiftsvekst	250	
Tilskotsramme kyrkja 2010		8 400
Tilskotsramme andre trussamfunn 2010		150

Tilskotet blir justert i tråd med prisindikatoren i statsbudsjettet på 3,1 %.

5.0 Investeringsbudsjett 2010.

Investeringsbudsjett med driftskonsekvensar:

Prosjekt	Rev. budsjett 2009	Økonomiplan 2010	Budsjett 2010	Drifts-konsekvens
Nasjonalparksenter / Steinparken	39			
Motorsportsenter	100			
Programvare IT	600	200	200	15
Skilt vegnamn, adressetildeling, digitale kart	75	50	50	4
Marknadsføring Kvinnherad	700	200	200	15
Partnerskap Kystkultursenter/Kultur og fritid	400			
Kulturskulesenter Husnes	2 380	20 000	20 000	1500
Tilskot frå næringslivet til kulturskulesenter	-12 500			
HMT / Enøk / Inneklima	200	200	200	15
Ombygging kommunale bygg	200	150	150	11
Psykatri Omstun/ Ombygging Ole Bergetsvei	400			
Lågterskeltilbod rusavhengige	100	2 000	2 000	150
Utbygging Rosendalstunet	1 350		1 000	75
Bufellesskap psykisk utviklingshemma	6 500	6 600	6 600	495
Tilskot bufellesskap psykisk utviklingshemma	-1 100	-1 600	-1 600	-120
Rassikring Matre / Åkra / Ænes	200			
Grunnkjøp / arealutviding KVV	100	100	100	7
Veglys Røssland – skulane på Husnes	150			
Kommunale vegar og kaier	83	150	150	11
Industriområder og næringsareal	500	1 000	1 000	
Asfaltering	15			
Opsangervegen	250	250	250	19
Følgefontunnelen	3 500	3 500	3 500	263
Etterarbeid utbyggingsområder		100	100	7
Refusjon vegomlegging Baroniet	750			
Utviding Undarheim barneh. ny 5. Avdeling	4 004			
Planlegging Sandviklia industriområde	25			
Ombygging Husnes helsesenter	300			
Klima- og miljøplan		250	250	19
Etablering NAV-kontor	1 000			
Parkeringsplass Valen oppvekstsenter	75	600	600	45
Breiband	255			
Husnes sentrum				
Torgplass Husnes sentrum	1 500	1 500		
Infrastruktur Husnes	9 385			
Prestnes industriområde	-1 600			
Brannstasjon Rosendal		1 800	1 800	135
Stadanalyse Husnes	-85			
Kobbekbukta fiskerihamn	330			
Kaiområde Rosendal	1 475			
Statlege og priv. tilskot til kaiomr. Rosendal	-1 000			
Privat tilskot til kaiområde Rosendal	-250			
Plan Fjelbergsambandet	250			
Tilskot fjerning Hidlevraket	50			
Tilskot Postvegen med gangveg i Teigen	150			
Kvinnherad kyrkjegard	10			
Vegomlegging Kvinnherad kyrkjegard	230			
P-plass Husnes kyrkje –auka standard	2 000		1 350	100
Biobrenselanlegg	300	300	300	23
Scenarie 2050	200			

<i>Prosjekt</i>	<i>Rev. busjett. 2009</i>	<i>Økonomiplan plan 2010</i>	<i>Budsjett 2010</i>	<i>Drifts- konsekvens</i>
Gangveg Sunde – Podlen	100			
Busslomme Ljosnes			500	38
Kvadraten frå burettslag til omsorgsbust.			9 500	700
Rydding av skog ved rasteplass på Husnes			50	4
Innløysing bustadhus på Prestnes			1 800	135
Kabling for fjernsyn på kom.styremøta			100	8
Grunnkjøp til utviding Rosendalstunet			700	53
Oppstart rehab. Rosendal ungdomsskule			6 000	375
Innkjøp brannvernustyr			300	23
Signalanlegg Husnessona			150	12
Steinmassar frå Halsnøy til deponi på Husnes			100	8
Sum lån med renter og avdrag	23 796	38 350	57 400	4 145
Forskottering Sandvoll sentrum	937	3 000	3 000	105
Forskottering Erslandsmarka	2 000			
Forskottering Tofte – Ranavik	4 700	10 000	10 000	350
Forskottering Løfallstrand – Austrepollen	8 888			
Innbetaling frå Fusa og Folgefonnrunnelen AS	-8 500			
Sum avdragsfrie lån med renter	8 025	13 000	13 000	455
Skuleinvesteringar/ Sætre skule med gym.sal	3 779	30 000	30 000	1 200
Riving Trå gamle skule	200			
Planlegging Rosendal ungdomsskule	1 000			
Tilrettelegging Hatlestrand skule	2 331			
Nytt tak Omvikdalen skule	550			
Vassverk Åkra skule og vasskade Trå skule	424			
Sanserom Husnes ungdomsskule	130			
Samanslåing klasserom Øyatun skule	150			
Sum rentefrie lån i skulepakken med avdr.	8 564	30 000	30 000	1 200
Vassverk Ølve m.m	2 500	4 000	2 000	
Vassbehandlingsanlegg Rosendal / Omvikdalen	34 239			
Hovudvassleidning Varaldsøy			2 000	
Nye VA-leidningar i Opsangervegen		500	500	
Kloakk Seimsfoss / Omvikdalen	8 000	6 000	10 000	
Kloakk Uskedalen m.m.	12 704	4 500	500	
Avløppspumpestasjon Husnes næringspark	2 000			
Diverse tiltak på leidningsnettet	1 500	2 000	2 000	
Infrastruktur Husnes	3 500			
Lagerbygg Husnes	2 771			
Næringslivsforskottering Tofte – Ranavik	5 000	17 000	17 000	
Sum rente- og avdragsfrie lån	72 214	34 000	34 000	
Rehabilitering kommunale bygg:	3 400			
Rehab. kommunale vegar, kaier og bruer:	5 391			
Sum rente- og avdragsfr. tilskot frå staten	8 791			
Sum investeringsutgifter	121 390	114 350	134 400	5 800
Sal av areal og andre eigedomar	-11 510	-3 000	-3 000	-225
Refusjon STUI-midlar	-3 000	-1 000	-1 000	-75
MVA – investering		-1 000	-2 000	-150
Bruk av unyttne lånemidlar frå 2008	-65 534			
Tilskot frå staten	-8 791			
Netto lånebehov	32 555	109 350	129 400	
Avdrag på gamle lån	-21 000	23 000	22 750	
Avdrag på nye lån			1 600	
Sum endring lån	11 555	86 350	105 050	5 350

Ved utarbeiding av nytt investeringsbudsjett har ein så langt råd er halde seg til godkjent revidert økonomiplan for 2009 – 2012. Dette for å unngå auke i kapitalkostnadane og dermed vanskar med salderinga av driftsbudsjettet. Vedtak og pålegg om nye investeringar har ein likevel teke med. Det same gjeld heilt nødvendige nye investeringar.

I forslaget har ein sett nærmare på kva driftsmessige konsekvensar dei ulike investeringane vil få. Her har ein nytta ein rentefot på 3,5 % og nedbetaling over 25 år. Driftskostnadane i året etter at investeringa er gjennomført vil dermed bli på 7,5 % av investert sum. I det året investeringa blir gjennomførde, vil driftskonsekvensen bli det halve.

Mykje tyder på at renta vil auke i åra som kjem , noko som tilseier ein høgare rentefot enn 3,5 %. Dette må ein eventuelt kome attende til ved seinare revisjon av budsjett og økonomiplan. Ein må likevel alt no ta høgde for kraftig auke i kapitalkostnadane i åra som kjem. Dette tilseier streng prioritering av nye investeringsoppgåver i heile økonomiplanperioden.

Så lenge kommunen er på ROBEK-lista og det dermed er fylkesmannen som skal godkjenne kommunen sine budsjett og låneopptak, så tilseier også dette at forslag om nye investeringar må knytast opp til kva konsekvensar dei får for driftsbudsjettet.

Når opptak av nye lån likevel vil auke med nær 20,0 mill. kr i høve til godkjent økonomiplan, er årsaka følgjande:

Vedtak:

- I tråd med tidlegare vedtak er alle lån til tidlegare Kvadraten burettslag blitt overtekne av kommunen. Dette må no takast med i budsjettet.
- Det blir sett av midlar til privat prosjektleiar for planlegging og utbygging av Rosendalstunet. Her er det ønskje om ei utbygging som vil gje kommunen over 30,0 mill. kr i årlege driftskostnader. Dette er meir enn det kommunen har økonomi til, og difor må det til ei etappevis utbygging slik at det meste står ferdig til eldrebølgja kjem etter 2020.
- Det blir sett av midlar til kjøp av areal for utviding av Rosendalstunet.
- Bustadhus på Prestnes blir innløyst i tråd med inngått avtale.
- Kostnad med kabling av fjernsynsoverføring frå kommunestyremøta er blitt lagt inn.

Pålegg:

- Standard og kvalitet på parkeringsplassen ved Husnes kyrkje er blitt heva , noko som har auka kostnadane frå 3,50 til 4,85 mill. kr.

”Nødvendige” endringar:

- Busslomme Ljosnes vil gje driftsinnsparing og bør i tråd med lovnader takast inn att i budsjettet.
- Det er ønskje om å fjerne skog ved rasteplassen på Husnes. Grunneigar er positiv, og dersom prosjektet praktisk kan gjennomførast bør kostnaden takast med i budsjettet.
- Til oppstart rehabilitering Rosendal ungdomsskule blir det lagt inn ei startløyving. Samla blir det i økonomiplanperioden sett av 39,0 mill. kr til skulen.
- Torgplass Husnes går ut, då midlane alt er betalte ut til utbyggjar.
- VA-investeringane er blitt justert ein del med mellom anna midlar til hovudvassleidning på Varaldsøy, og overføring av midlar frå kloakk Uskedalen til kloakk Seimsfoss / Omvikdalen.
- Det er stort behov for nytt brannvernustyr, og all den tid ein legg opp til driftsinnsparingar gjennom endra organisering, blir det lagt inn ein årleg investeringssum.
- I Husnessona må det investerast i nytt varslings- og telefonanlegg.

- Transport av stein frå Halsnøy til Husnes må skje når steindeponiet er ope. Steinmassane er seinare tenkt nytta på Opsangervegen.

Driftskonsekvensen av investeringsbudsjettet vil etter dette bli på 5,19 mill. kr i 2011. Grunna heilårseffekt av lånet frå Kvadraten burettslag og halvårseffekt av alle dei andre investeringane, blir driftskonsekvensen for 2010 på 3,0 mill. kr. Dette er innarbeidd som auka kapitalkostnad i driftsbudsjettet for neste år og i økonomiplan.

I tillegg kjem sjølv sagt alle andre driftskostnader knytt til framtidig bruk av ei prioritert og realisert investering. Her er bufellesskap for psykisk utviklingshemma eit eksempel. Grunna ferdigstilling til sommaren 2010 må driftsbudsjettet aukast med 2,0 mill. kr. Året etter må budsjettet aukast med ytterlegare 2,0 mill. kr. Dette på grunn av heilårseffekt.

Lågterskeltilbod rusavhengige er eit anna eksempel. Prosjektet er prioritert gjennomført i 2010, men utan at det i økonomiplanen er lagt inn auka drift. Dette må no endrast, ved at det frå 2011 blir lagt inn 0,75 mill. kr i årleg driftsauke.

Eit prosjekt som vil gje driftsinnsparingar er nye Sætre skule som skal stå ferdig til skulestart hausten 2011. Dermed kan det i driftsbudsjettet takast med 1,5 mill. kr i innsparing dette året, og 3,0 mill. kr i innsparing åra etter.

Det nye kulturskulesenteret forventar ein ferdig i 2010. Her må økonomiplanen endrast frå 2011, då bruk og drift av bygget vil krevje ei årleg driftsauke på 0,83 mill. kr. Ein ser då bort frå kapitalkostnadane, som alt ligg i budsjettet.

I samband med realisering av dette bygget må det vere rett å fullføre torgplassen fram til Opsangervegen. Kostnaden med dette må difor takast med i investeringsbudsjettet for 2011. Det same gjeld nødvendig investering til ungdomssenteret i kulturhuset. For å finansiere desse kostnadane vil rådmannen rå til at utbetningsarbeidet på Opsangervegen blir utsett.

I samband med utbetring av vegane på Halsnøy vil det midlertidig bli opna avkøyrsløse til det store steindeponiet ved tunnelmunningen på Halsnøysida. I samband med dette har kommunen fått tilbod om gratis steinmassar. Massane er godt eigna til bruk på Opsangervegen, og difor vil ein rå til at det blir sett av midlar til transport av stein til midlertidig deponi på steinfyllinga i Husnes industriområde.

Til planlegging av gangveg på Sunde er det i budsjettet for i år sett av midlar til planlegging. Skal prosjektet realiserast neste år, må det setjast av minst 0,5 mill. kr.

Kjøp av grunn til Kobbekbukta fiskerihamn ser endeleg ut til å gå mot ei løysing. Her vil det bli sendt søknad til kystverket om dekking av halve kostnaden, og dermed vil det truleg ikkje bli behov for ekstraløyving.

Brannstasjon Rosendal vil derimot trenge ekstraløyving. Plassering er enno ikkje avklart, men truleg vil bygging og kjøp av tomt koste det doble av kva som ligg i budsjettet. Dette vil ein kome attende til når grunnspørsmålet er meir avklart.

Kai Rosendal er eit prosjekt som også må prioriterast i økonomiplanen. Årsaka er den dårlege standarden på den offentlege kaia. Dette kjem i tillegg til den planlegging som skjer med dei tidlegare løyvde Blest-midlane.

Rundt kaien i Rosendal er det også ønskje om innløyising av areal, og dette er ei sak ein vil kome attende til når det er gjennomført forhandlingar med alle grunneigarar som er omfatta.

Etter pålegg har Skålafjæra AS gjennomført undersøkingar av forurininga i hamnebassenget i Rosendal. Rapporten er sendt til Fylkesmannen som om kort tid vil kome med tilråding til SFT om kva som må gjerast. Her kan det bli aktuelt med spunting, og i så fall vil det bli tale om store investeringar, der kommunen som grunneigar kanskje også må delta.

Frå alle sonen blir det peikt på behovet for meir omsorgsbustader. Når kommunen står som utbyggjar har Husbanken svært gunstige finansieringsordningar. Dette tilseier at det no blir sett av midlar til slik bygging. I tillegg til bufellesskapet og lågterskeltilbodet på Husnes som vil bli realisert i 2010, bør det i økonomiplanen avsettast midlar til:

- Utviding av Omstun i Rosendal med 6 nye leiligheiter.
- Kjøp av areal og bygging av 8 leiligheiter i Uskedalen sentrum.
- Rehabilitering til akseptabel standard av Løo i Rosendal med 4 leiligheiter.
- Ombygging av prestebustaden på Sunde til 2 leiligheiter.
- Ombygging av barnehagebygget på Sæbøvik til 3 leiligheiter.
- Ombygging av barnehagebygget i Rosendal til 4 leiligheiter.
- Ombygging av leiligheiter på Lien-tomten i Rosendal til 4 nye leiligheiter.

Sonene melder i tillegg ofte om investeringstiltak som kan gjere drifta enklare på sjølve institusjonane. Her kan nemnast ombygging av "Bestastovo" på Husnestunet.

Ombygging og utbetring er eit spesielt stort problem på skulane og barnehagane. Her er det mange mindre tiltak som ikkje krev dei heilt store investeringane, men som betyr mykje for drifta. Konkret kan det peikast på:

- Heimkunnskapsrom ved Øyatun ungdomsskule
- Arbeidsplassar ved Undarheim skule
- Arbeidsplassar i barnehagen ved Uskedalen oppvekstsenter.
- Nytt tak på Valen skule.

Også rådhuset treng oppgradering av kjøkken og nytt ventilasjonsanlegg.

Det meste av det som ein her har peikt kan av økonomiske årsaker ikkje takast med i budsjettet for 2010. I staden må det vurderast som nye tiltak i økonomiplanperioden.

6.0 Økonomiske tabellar.

Økonomisk oversikt – drift.

Inntekter og utgifter	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Rekneskap 01.09.2009	Budsjett 2010
Driftsinntekter:					
Brukarbetaling	30.601.164,-	31.319.731,-	31.256.871,-	20.370.064,-	30.400.000,-
Andre sals- og leigeinntekter	95.257.578,-	112.210.701,-	59.095.750,-	72.767.373,-	105.000.000,-
Overføring med krav til motyting	120.153.278,-	125.273.754,-	119.341.546,-	79.610.341,-	126.000.000,-
Rammetilskot	163.815.032,-	186.265.733,-	208.895.000,-	143.245.606,-	212.750.000,-
Andre statlege overføringer	23.352.490,-	39.262.405,-	27.181.000,-	26.023.545,-	42.000.000,-
Andre overføringer	692.447,-	601.443,-	409.000,-	198.033,-	500.000,-
Skatt på inntekt og formue	254.664.007,-	261.740.381,-	277.205.000,-	181.120.254,-	301.800.000,-
Eigedomsskatt	49.509.236,-	52.073.879,-	53.000.000,-	52.585.322,-	66.000.000,-
Andre direkte og indirekte skattar	7.616.097,-	7.617.995,-	7.900.000,-	0,-	7.800.000,-
Sum driftsinntekter	745.661.328,-	816.266.023,-	784.284.167,-	575.920.438,-	892.250.000,-
Driftsutgifter:					
Lønsutgifter	415.210.573,-	453.990.402,-	463.389.494,-	298.222.369,-	477.000.000,-
Sosiale utgifter	107.171.348,-	115.790.394,-	146.833.829,-	93.779.386,-	153.000.000,-
Kjøp som inngår i tenesteproduksjonen	116.922.577,-	137.438.420,-	88.632.246,-	86.900.167,-	139.000.000,-
Kjøp som erstattar tenesteproduksjonen	31.081.176,-	37.186.434,-	33.524.131,-	27.768.381,-	40.000.000,-
Overføringer	35.144.466,-	40.113.530,-	33.835.001,-	26.784.526,-	41.000.000,-
Avskrivningar	28.494.140,-	30.248.622,-		0,-	0,-
Fordelte utgifter	-3.105.290,-	-5.506.878,-	-6.378.942,-	-804.102,-	
Sum driftsutgifter	730.918.990,-	809.260.924,-	759.835.759,-	532.650.727,-	850.000.000,-
Brutto driftsresultat	14.742.338,-	7.005.099,-	24.448.408,-	43.269.711,-	42.250.000,-
Finansinntekter:					
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	54.899.741,-	17.785.078,-	35.652.000,-	4.369.093,-	27.500.000,-
Mottakne avdrag på utlån	18.002,-	481.420,-	120.000,-	151.907,-	500.000,-
Sum eksterne finansinntekter	54.917.743,-	18.266.498,-	35.772.000,-	4.520.999,-	28.000.000,-
Finansutgifter:					
Renteutg., provisjon og andre finansutg.	49.431.197,-	143.946.663,-	33.022.000,-	25.718.867,-	35.500.000,-
Avdragsutgifter	21.468.037,-	20.616.801,-	21.000.000,-	4.395.299,-	24.250.000,-
Utlån	55.063,-	37.169,-	550.000,-	74.851,-	500.000,-
Sum eksterne finansutgifter	70.954.297,-	164.500.634,-	54.572.000,-	30.189.017,-	60.250.000,-
Resultat eksterne finansutgifter	-16.036.554,-	-146.234.136,-	-18.800.000,-	-25.668.018,-	32.250.000,-
Motpost avskrivningar	28.494.140,-	30.248.622,-		0,-	0,-
Netto driftsresultat	27.199.924,-	-108.980.415,-	5.648.408,-	17.601.692,-	10.000.000,-
Interne finanstransaksjonar:					
Bruk av bundne fond	2.254.751,-	64.459.814,-	1.670.727,-	287.033,-	0,-
Avsetjing til bundne fond	1.966.974,-	2.890.546,-	969.135,-	1.144.661,-	-10.000.000,-
Sum avsetjingar	287.777,-	61.569.268,-	701.592,-	857.628,-	-10.000.000,-
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	27.487.701,-	-47.411.147,-	6.350.000,-	16.744.064,-	0,-

Rekneskapsskjema 1A – drift.

<i>Postar</i>	<i>Rekneskap 2007</i>	<i>Rekneskap 2008</i>	<i>Budsjett 2009</i>	<i>Rekneskap 15.09.09</i>	<i>Budsjett 2010</i>
Skatt på inntekt og formue	254.664.007,-	261.740.381,-	277.205.000,-		301.800.000,-
Ordinært rammetilskot	163.815.032,-	186.265.733,-	208.895.000,-		212.750.000,-
Skatt på eigedom	49.509.236,-	52.073.879,-	53.000.000,-		66.000.000,-
Andre direkte og indirekte skattar	7.616.097,-	7.617.995,-	7.900.000,-		7.800.000,-
Andre generelle statsstilskot	23.352.490,-	39.262.405,-	27.181.000,-		47.650.000,-
Sum frie disponible inntekter	498.956.862,-	546.960.363,-	574.181.000,-		636.000.000,-
Renteinntekter og ubytte	54.899.741,-	17.785.078,-	35.652.000,-		27.500.000,-
Renteutgifter, provisjonar etc.	49.431.197,-	143.946.663,-	33.022.000,-		35.500.000,-
Avdrag på lån	21.468.037,-	20.516.801,-	21.000.000,-		24.250.000,-
Netto finansinntekt / - utgift	-15.999.493,-	-146.678.386,-	-18.370.000,-		32.250.000,-
Til bundne avsetjingar	1.966.974,-	2.890.546,-	969.135,-		10.000.000,-
Bruk av tidlegare mindreforbruk		62.472.547,-			
Bruk av bundne avsetjingar	2.254.751,-	1.987.267,-	1.670.727,-		
Netto avsetjingar	287.777,-	61.569.268,-	701.592,-		10.000.000,-
Til fordeling fritd	483.245.146,-	461.851.276,-	556.512.592,-		593.750.000,-
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	483.245.146,-	461.851.276,-	556.512.592,-		593.750.000,-

Rekneskapsskjema 2A – investering.

<i>Postar</i>	<i>Rekneskap 2007</i>	<i>Rekneskap 2008</i>	<i>Budsjett 2009</i>	<i>Rekneskap 15.10.09</i>	<i>Budsjett 2010</i>
Investeringer i anleggsmidler	49.944.651,-	45.396.132,-	89.225.000,-		134.400.000,-
Utlån og forskottinger	9.812.786,-	17.573.357,-	33.000.000,-		0,-
Avdrag på lån	3.962.831,-	4.890.600,-			0,-
Avsettinger	4.880.177,-	7.436.700,-			0,-
Årets finansieringsbehov	68.600.446,-	75.296.789,-	122.225.000,-		134.400.000,-
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidler	41.845.372,-	54.934.440,-	105.125.000,-		105.050.000,-
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	13.862.319,-	3.560.619,-	4.000.000,-		3.000.000,-
Tilskot til investeringar	1.154.678,-	1.496.156,-			
Mottekne avdrag på lån og refusjonar	11.137.220,-	13.638.030,-	13.100.000,-		26.350.000,-
Sum ekstern finansiering	67.999.590,-	73.629.244,-	122.225.000,-		134.400.000,-
Bruk av avsetjingar	600.856,-	1.667.545,-			0,-
Sum finansiering	68.600.446,-	75.296.789,-	122.225.000,-		134.400.000,-
Udekka / udisponert	0,-	0,-	0,-		0,-

7.0 Økonomiplan 2010 – 2013.

7.1 Framskrivning driftsinntekter.

Driftsinntekter i økonomiplanperioden 2010 – 2013.

Inntektspostar	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Øk.plan 2011	Øk.plan 2012	Øk.plan 2013
Innbyggjartilsk., utgiftsutjamning, 4,2 % auke	-142 371	-183 630	-191 400	-199 400	-207 800	-216 500
Bortfall diff. Arbeidsgjevaravgift	-14 078	-14 705	-15 300	-15 700	-16 300	-16 700
Selskapskatt	-29 817					
Distriktpolitisk tilskot		-5 063	-6 050	-7 000	-8 000	-9 000
Ekstra tilskot frå statleg tiltakspakke		-2 950				
Skatt og inntektsutjamning, 5,0 % årleg auke	-261 740	-282 703	-301 800	-316 900	-332 900	-349 800
Sum frie inntekter	-448 006	-489 050	-514 550	-539 000	-565 000	-592 000
MVA investering	-3 107	-4 000	-3 500	-2 000	-1 000	
MVA drift	-15 282	-16 000	-15 500	-16 000	-16 000	-17 000
Eigedomsskatt	-52 074	-53 000	-67 000	-70 000	-70 000	-70 000
Utbytte frå Kvinnherad Energi AS	-6 700	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000
Kursgevinst / tap frå kraftfondet	81 389					
Utbytte frå kraftfondet		-10 000	-10 000			
Bruk av førehandssal konsesjonskraft	-7 210	-7 200	-7 200	-10 000	-20 000	-25 000
Konsesjonsstramsal	-3 813	-3 800	-3 800	-3 800	-3 800	-3 800
Konsesjonsavgifter	-7 618	-7 900	-7 800	-7 800	-7 800	-7 800
Andre inntekter og utgifter	-9 903	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Sum andre inntekter	-27 276	-112 300	-125 200	-120 000	-129 000	-134 000
Renter diverse bankinnskot	-8 205	-6 500	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Dekking VA-investeringar	-10 104	-10 500	-10 000	-10 500	-11 000	-11 500
Refusjon renter skuleinvesteringar		-500	-450	-500	-500	-500
Kompensasjonstilskot husbanken	-7 689	-7 000	-7 000	-7 000	-7 500	-8 000
Renteinntekter formidlingslån	-2 456	-1 800	-2 300	-2 500	-2 700	-3 000
Renter og avdrag næringslivslån	-623	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Avdrag gamle kommunale lån	21 040	21 000	22 750	23 000	23 000	23 000
Renter gamle kommunale lån	50 889	33 000	34 000	37 000	39 000	41 000
Renter og avdrag nye kommunale lån			3 000	6 500	10 200	14 500
Sum renter og avdrag	43 181	26 700	36 000	42 000	46 500	51 500
Sum inntekter	-432 101	-574 650	-603 750	-617 000	-647 500	-674 500
Ikkje disp. / disp. tidlegare overskot	-62 473					
Sum inntekter til drift av kommunen	-494 574	-574 650	-603 750	-617 000	-647 500	-674 500
Overskriding / dekking tidl. overskriding	-47 411	6 350	10 000	2 000	6 000	4 500
Inntekter til fordeling på verksemdene	-539.356	-568 300	-593 750	-615 000	-641 500	-670 000

I statsbudsjettet er auken i innbyggjartilskot og utgiftsutjamning frå i år til neste år sett til 4,2 %. Same auken blir dermed nytta også i resten av økonomiplanperioden.

Auken i sum skatt med inntektsutjamning blir i økonomiplanperioden sett til 5,0 %. Dette er noko lågare enn auken frå i år til neste år, og årsaka er forventa reduksjon grunna vanskar i næringslivet.

Til skjønstilskot og distriktpolitisk tilskot blir det i økonomiplanperioden lagt inn same auke pr. år som auken frå i år til neste år.

Samla gjev dette ein auke i dei frie inntektene på 4,8 % kvart år i økonomiplanperioden.

MVA investering blir i perioden gradvis overført til investeringsbudsjettet, medan MVA drift får ein mindre auke i perioden.

Eigedomsskatten blir frå 2010 til 2011 auka med dei 4,0 mill. kr ein reknar med sjølve innføringa vil koste. I resten av perioden blir summen ikkje endra.

Utbytte frå Kvinnherad Energi AS, konsesjonsstraumsal og konsesjonsavgifter blir ført vidare på same nivå som i 2010.

Utbytte frå kraftfondet blir overført til investeringsbudsjettet i 2011. Dette er i tråd med signal frå fylkesmannen og er samtidig i tråd med tidlegare vedtak om auka eigenfinansiering av kommunen sine investeringar.

Sal av konsesjonskraft vil auke frå slutten av 2011, då perioden med førehandssal går ut. Auken blir imidlertid langt mindre enn i gjeldande økonomiplan, og årsaka er dei låge energiprisane. Grunna låg overføringskapasitet tyder prognosane på at prisane vil bli låge i ein god del år.

Inntekter frå renter og avdrag blir i stor grad ført vidare i tråd med budsjettet for 2010. Når det gjeld utgifter frå renter og avdrag gamle lån blir det lagt inn ein mindre auke. Ein har då teke omsyn til at avdraga fører til at dei gamle låna blir lågare, samtidig som ein har teke omsyn til at renta vil auke med truleg rundt 1,0 % pr. år.

Renter og avdrag frå nye kommunale lån er lagt inn i tråd med investeringsbudsjettet. Også her legg ein opp til renteauke på 1,0 % pr. år, samt 25 år nedbetalingstid.

Samla fører alt dette til ein inntektsauke på 2,4 % frå 2010 til 2011, 4,9 % frå 2011 til 2012 og 4,2 % frå 2012 til 2013. Dette viser at det vil bli vanskelege år i heile økonomiplanperioden. Dersom kommunen ikkje får betalt ned alle underskot innan 2011, vil åra som kjem bli ekstra vanskelege.

7.2 Framskrivning driftsutgifter.

Driftsutgifter i økonomiplanperioden 2010 – 2013.

<i>Utgiftspostar</i>	<i>Rekneskap 2008</i>	<i>Budsett. 2009</i>	<i>Budsjett 2010</i>	<i>Øk.plan 2011</i>	<i>Øk.plan 2012</i>	<i>Øk.plan 2013</i>
Lønsutgifter, 4,2 % årleg auke	577 511	604 386	630 000	656 000	683 500	712 000
Andre utgifter, 2,5 % årleg vekst	205 334	173 733	210 000	215 000	220 500	226 000
Inntekter, 3,0 % årleg vekst	-243 490	-209 819	-245 000	-252 000	-259 500	-267 000
Sum utgifter	539 355	568 300	595 000	619 000	644 500	671 000
Nye tiltak – Bufellessk. psykisk utviklingsh.			2 000	4 000	4 000	4 000
Nye tiltak – kulturskulesenteret				800	800	800
Nye tiltak - rusomsorg				750	750	750
Nye tiltak – Sætre skule				-1 500	-3 000	-3 000
Nye driftsutgifter og inntekter			-3 250	-8 050	-5 550	-3 550
Utgifter til fordeling på verksemdene	539 355	568 300	593 750	615 000	641 500	670 000
Budsjettramme skulane	149 071	154 000	161 250	164 200	170 500	178 100
Budsjettramme barnehagane	16 432	17 000	19 000	19 400	19 800	20 600
Budsjettramme sonene	183 382	199 750	202 500	209 500	219 300	229 100
Budsjett Tiltak og tenester barn og unge	31 836	36 900	40 200	43 600	45 400	47 400
Budsjett Tiltak og rådgjeving vaksne	19 752	25 700	16 000	17 400	18 100	18 900
Budsjett NAV			9 400	9 800	10 200	10 600
Budsjett Helse og rehabilitering	18 381	18 200	19 600	19 800	20 600	21 500
Budsjett Samfunnsutvikling	12 418	12 200	14 400	14 900	15 500	16 200
Budsjett Tekniske tenester	44 141	43 200	48 750	50 500	53 800	56 000
Budsjett Kultur og fritid	17 587	17 500	17 600	18 200	18 900	19 800
Budsjett Fellestenester	29 854	30 250	32 000	33 200	34 600	36 100
Budsjett politikk	5 091	5 000	5 100	5 600	5 500	6 000
Tilskot kyrkja og andre trusamfunn	8 704	8 300	8 550	8 900	9 300	9 700
Budsjettrammer for verksemdene	539 355	568 300	593 750	615 000	641 500	670 000

I statsbudsjettet er lønsauken sett til 3,5 %. Tek ein omsyn til forventta auke i pensjonskostnadane, vil samla lønsauke i 2010 bli på 4,2 %. Denne auken blir lagt inn i resten av økonomiplanperioden.

Andre utgifter vil i tråd med statsbudsjettet auke med 2,5 %, medan ein for inntektene har lagt inn 3,0 % årleg auke.

Nye driftstiltak blir lagt inn og for å få balanse blir også nye innsparingstiltak lagt inn. Dette gjeld alle år i planperioden, og viser klart at kommunen ikkje vil ha rom for nye store oppgåver som for eksempel full drift av det nye Rosendalstunet.

Den årlege driftsauken til verksemdene vil i økonomiplanperioden ligge rundt 4,0 %, og dette er vil neppe vere nok til å føre gjeldande tenestetilbod vidare. Nye innsparingstiltak må dermed vurderast kvart år i tida som kjem. Dette så sant ikkje inntektene til kommunen aukar meir enn det økonomiplanen legg opp til.

Det er ikkje lagt inn innsparing som følgje av strukturendringar, då det framleis ikkje ligg føre vedtak som gjev grunnlag for slik budsjettering. Unntaket er skulen på Halsnøy, der det blir lagt inn innsparing på skulebudsjettet og på teknisk.

Blir strukturendringar gjennomført spesielt på dei tunge sektorane, kan det vere von om noko romslegare rammer til verksemdene i åra som kjem. Om ikkje må ein belage seg på nedskjeringar kvart år i økonomiplanperioden.

7.3 Framskrivning investeringsbudsjett

Investeringsbudsjett 2010 – 2013.

Prosjekt	Budsjett 2010	Øk.plan 2011	Øk.plan 2012	Øk.plan 2013
Nasjonalparksenter / Steinparken			1 160	2 000
Programvare IT	200	200	200	200
Skilting vegnamn og adressetildeling / digitale kart	50	50	50	50
Marknadsføring Kvinnherad	200	100	100	100
Partnerskap Kystkultursenter/Kultur og fritid			500	
Kulturskulesenter Husnes	20 000	12 000	2 000	
HMT / Enøk / Inneklima	200	200	200	200
Ombygging kommunale bygg	150	150	150	150
Psykatri Omstun/ Ombygging Ole Bergetsvei				8 000
Lågterskeltilbod rusavhengige	2 000	1 986		
Tilskot lågterskeltilbod rusavhengige		-500		
Utbygging Rosendalstunet	1 000	2 000	35 000	28 000
Bufellesskap psykisk utviklingshemma	6 600			
Tilskot bufellesskap psykisk utviklingshemma	-1 600			
Grunnkjøp / arealutviding KVV	100	100	100	100
Kommunale vegar og kaier	150	150	150	150
Industriområder og næringsareal	1 000	1 000	1 000	1 000
Asfaltering				2 000
Opsangervegen	250		3 000	15 000
Folgefonnntunnelen	3 500	3 500	3 500	3 500
Etterarbeid utbyggingsområder	100	100	100	100
Klima- og miljøplan	250			
Parkeringsplass Valen oppvekstsenter	600			
Brannstasjon Rosendal	1 800	2 000		
Parkeringsplass Husnes kyrkje	1 350			
Biobrenselanlegg	300			
Busslomme Ljosnes	500			
Omgiing Kvadraten burettslag til omsorgsbustader	9 500			

<i>Prosjekt</i>	<i>Budsjett 2010</i>	<i>Øk.plan 2011</i>	<i>Øk.plan 2012</i>	<i>Øk.plan 2013</i>
Rydding av skog ved rasteplass på Husnes	50			
Innløysing bustadhus på Prestnes	1 800			
Kabling av fjernsynsoverføring frå kommunestyremøta	100			
Grunnkjøp til utviding Rosendalstunet	700			
Innkjøp brannvernustyr	300	300	500	500
Signalanlegg Husnessona	150			
Steinmassar frå Halsnøy til deponi på Husnes	100			
Fullfinansiering Sætre skule		40 000		
Rosendal ungdomsskule	6 000	25 000	8 000	
Andre skuleinvesteringar			15 000	15 000
Utviding torgplass Husnes sentrum		7 500		
Tilskot til utviding torgplass		-2 500		
Utviding ungdomssenter på Husnes		2 500		
Kai Rosendal			3 000	
Omsorgsbustader		3 000	10 000	5 000
Ny bokbuss			2 000	
Diverse utbyggingiltak på sjukeheimane			500	500
Rådhuset			300	5 000
Sum lån med renter og avdrag	57 400	98 836	86 510	86 550
Forskottering Sandvoll sentrum	3 000			
Forskottering Tofte – Ranavik	10 000			
Forskottering Tyssetunnelen		3 000		
Refusjon forskottering Neslia – Rosendal – Seimsfoss		-10 000		
Sum avdragsfrie lån	13 000	-7 000		
Skuleinvesteringar/ Sætre skule med gym.sal	30 000			
Sum rentefrie lån i skulepakken	30 000			
Vassverk generelt	2 000	4 000	4 000	6 000
Nye VA-leidningar i Opsangervegen	500		8 000	8 000
Ny hovudvassleidning Varaldsøy	2 000			
Utbygging Ølve vassverk		5 000		
Auka kapasitet Husnes vassverk		2 500	4 000	
Kloakk generelt	2 500	4 000	4 000	6 000
Kloakk Seimsfoss / Omvikdalen	10 000			
Næringslivsforskottering Tofte – Ranavik	17 000			
Sum rente- og avdragsfrie lån	34 000	15 500	20 000	20 000
Sum investeringsutgifter	134 400	107 336	106 510	106 550
Sal av areal og andre eigedomar	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Refusjon STUI-midlar	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
MVA – investering	-1 000	-3 000	-4 000	-5 000
Utbytte frå kraftfondet		-10 000	-10 000	-10 000
Netto lånebehov	129 400	90 336	88 510	87 550
Avdrag på gamle lån	-22 750	-23 000	-23 000	-23 000
Avdrag nye lån	-1 600	-3 500	-5 000	-7 000
Sum endring lån	105 050	63 836	60 510	57 550

Ny investeringar er lagt inn i tråd med forslag til investeringsbudsjett for 2010. I tillegg er det lagt inn midlar til fullføring av torgplassen på Husnes og til utviding av ungdomssenteret i samband med realisering av kulturskulesenteret. For å dekke inn dette rår ein til at Opsangervegen blir utsett eit år.

Vidare blir det sett av midlar i økonomiplanperioden til Rosendal ungdomsskule, utviding av Omstun, bygging av nye omsorgsbustader, fullfinansiering av brannstasjon Rosendal, asfaltering kommunale vegar, utbetring kai Rosendal, ny bokbuss, kjøp av brannvernustyr, mindre tiltak på sjukeheimane og nødvendig investering på rådhuset. Ein god del av investeringane blir også ført vidare i 2013.

Til delfinansiering av investeringane blir det lagt inn utbytte frå kraftfondet. I tillegg skal alle MVA-refusjonane knytt til investering vere overført frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet innan utgangen av 2012.

7.0 Handlingsplan 2010 – 2013.

I tråd med tidlegare vedtak er Handlingsplanen for perioden 2010 – 2013 blitt knytt til budsjett og økonomiplan, og endra i tråd med dei økonomiske føresetnadane som økonomiplanen legg opp til.

Større revisjon vil først skje når vedtak om strukturendringar og langsiktig del av kommuneplanen ligg føre. Forslag til handlingsplanen for 2010 – 2013 blir dermed som følgjer:

A. Brukar / innbyggjar	
Målsetjing	
Den kommunale organisasjonen er brukarorientert, og brukarane medverkar til utvikling av dei kommunale tenestene. I planperioden vil kvalitetsutvikling av dei kommunale tenestene framleis ha prioritet.	
Innsatsområde A1	
<i>Vidareutvikle den kommunale organisasjonen, med vekt på brukarorientering, desentralisering og delegering av oppgåver og ansvar.</i>	
Resultatmål	
1. Brukarundersøkingar syner kommunen si utvikling over tid, og resultatane kan via KOSTRA samanliknast med andre kommunar. Kvinnherad er mellom den beste halvdel.	2. Mest mogeleg ressursar blir nytta til produksjon av tenester. Til administrasjon, styring og fellesutgifter nyttar kommunen 75 % av snittet i fylket
3. Kvinnherad kommune vert av brukarane oppfatta som ei av dei fremste i landet på tenesteproduksjon.	4. Brukarane og dei tilsette på alle nivå opplever reell medverknad i utforming av dei kommunale tenestene.
Innsatsområde A2	
<i>Betra kommunikasjon mellom innbyggjarane og den kommunale organisasjonen.</i>	
Resultatmål	
1. Alle som vender seg til kommunen får eit førebels eller endeleg svar innan 3 veker.	2. Innbyggjarane opplever kommunen som lett å ta kontakt med og enkel å kommunisere med.
Innsatsområde A3	
<i>Kvalitetsutvikling og realisering av statlege målsetjingar</i>	
Resultatmål	
1. Kvinnherad kommune gjennomfører årleg brukar-	2. Brukarundersøkingar og kvalitetsmålingar

A. Brukar / innbyggjar	
undersøkingar for ulike tenesteområde.	dokumenterer høg standard på kommunale tenester.
3. Alle tenesteområda har eit dokumentert system og opplegg for kvalitetssikring og kvalitetsutvikling.	4. Kommunen set i verk statlege reformer og pålegg når desse er fullfinansierte.
Innsatsområde A4	
<i>Auka innsatsen innan miljøretta helsevern.</i>	
Resultatmål	
1. Plan for utbetring og rehabilitering av kommunale bygg og institusjonar er godkjent, og gjennomføring av planen er godt i gang.	2. I barnehage og skule har tida til fysisk aktivitet og uteaktivitetar auka.
Innsatsområde A5	
<i>Tenestetilbod</i>	
Resultatmål	
1. Innbyggjarane opplever at dei kommunale tenestene er gode og tilgjengelege, og med eit tilfredsstillande omfang.	2. Tenestetilbodet er blitt styrkt og utvida etter kvart som den kommunale økonomien har tillete det.
3. Strukturendringar er vedtekne og gjennomføring er godt i gang.	4. Barnehagetilbodet er i samsvar med innbyggjarane sine behov.
Innsatsområde A6	
<i>Auka merksemd på menneske med psykiske lidingar, funksjonshemma og rusmissbrukarar.</i>	
Resultatmål	
1. Lågterskeltilbud for rusavhengige er gjennomført i planperioden	2. Bufellesskap for psykisk utviklingshemma er realisert i planperioden.
3. Førebygging og rehabilitering har fått auka fokus.	4. Universell utforming blir lagt til grunn i all planlegging og utbygging.
B. Samfunnsutvikling	
Målsetjing	
Gjennom samarbeid og partnerskap arbeide for vidare utvikling av Kvinnheradsamfunnet. Det skal leggjast spesiell vekt på samferdsle, kommunikasjonar, sentrumsutvikling, næringsutvikling, planlegging, trafikksikring og trivselsfremjande tiltak.	
Innsatsområde B1	
<i>Vidareutvikle profilen som næringskommune gjennom</i>	

B. Samfunnsutvikling	
<i>aktiv satsing på betre samferdsle og kommunikasjonar</i>	
Resultatmål	
1. Vegen Tofte–Ranavik er blitt trafikksikra og utbetra, og arbeidet med realisering av ny ferjekai på Stord held fram.	2. Ny ferjekai på Årsnes med utbetra veg til Løfallstrand og ytterlegare utbetra veg mot Sunndal er realisert.
3. Utåker ferjekai er blitt oppgradert og deler av Sandvoll sentrum er blitt trafikksikra. Arbeidet med utbetring av Lundssvingane og Opsangervegen er godt i gang.	4. Jondalstunnelen er opna for trafikk og realisering av Fjelbergsambandet er godt i gang. Plan for ny ferjekai på Varaldsøy er prioritert
5. Realisering av tunnel bak Tysse sentrum er godt i gang.	6. Hordfast med bru over Samnangerfjorden er godkjent.
7. Snøggbåtruta Sunde – Leirvik/Bergen og snøggbåtruta Rosendal – Bergen er begge utvida med fleire avgangar.	8. Ekspressbussrute Oslo – Bergen via Kvinnherad er etablert. Internt i kommunen er busstilbodet blitt betre.
Innsatsområde B2	
<i>Aktiv satsing på sentrumsutvikling og næringsutvikling.</i>	
Resultatmål	
1. Husnes sentrum er blitt utvida med fleire nybygg rundt Husnes storsenter. Torgplassen og Husnesparken er blitt knytt saman med nytt torg- og parkanlegg	2. Areala rundt hamneområdet i Rosendal sentrum er blitt utvikla vidare og knytt fysisk saman med Skålagata.
3. Gjennomføring av planar for Uskedalen sentrum og Sunde sentrum er starta opp, og fleire prosjekt er realisert.	4. Nye Kvinnherad vidaregåande skule er opna, og arbeidet med utviding av Rosendalstunet er godt i gang.
5. Rammevilkåra til næringslivet er blitt betre gjennom aktivt samarbeid om marknadsføring og profilering.	6. Gjennom aktivt samarbeid maktar så vel det offentlege som det private å skaffe seg nok kvalifisert arbeidskraft.
7. Det er blitt lagt betre til rette for cruiseskip og tilbodet til småbåttrafikken er i planperioden blitt utvikla vidare.	8. Aktiviteten i industriområda har auka kraftig, og fleire nye områder er blitt planlagt og tilrettelagt.
9. Vidare vekst i havbruksnæringa er i perioden blitt knytt til kva avkastning næringa gjev kommunen.	10. Overnattingstilbodet har auka kraftig i perioden. Hovudårsaka er hytte- og campingplassutbygging.
Innsatsområde B3	
<i>Auka innsats innan overordna arealplanlegging</i>	
Resultatmål	
1. Det er i planperioden godkjent arealplanar for heile kommunen, og planrevisjon for sentrale deler er starta.	2. I planarbeidet blir det lagt spesiell vekt på sentrumsutvikling, næringsareal, husbygging og hyttebygging.
2. Arbeidet med å sikre og opparbeide badestrender og friareal er blitt intensivert i planperioden.	3. Nye detaljplanar er i planperioden blitt godkjent for sentrums- og utbyggingsområde.
Innsatsområde B4	

B. Samfunnsutvikling	
<i>Auka satsing på trafikkisikring og trivselsfremjande tiltak.</i>	
Resultatmål	
1. Trafikkisikring på Halsnøy, Løfallstrand og Sandvoll er avslutta i planperioden.	2. Trafikkisikring i Lundssvingane mellom Omvikdalen og Seimsfoss er godt i gang.
3. Arbeidet for å få finansiert og realisert Hellandskrysset er godt i gang.	4. Trafikkisikring av Opsangervegen er realisert innan utgangen av planperioden.
5. Husnes sentrum er blitt ein langt meir attraktivt bu-, arbeids-, handle- og møteplass gjennom konsentrasjon av handlesentera, betre og utvida servicetilbod, nytt hotell, fleire sentrumsnære bustader og utviding av sentral og svært tiltalende torgplass / parkområde.	6. Kommunen er styrkt som kultur- og reiselikommune gjennom utviding av eksisterande og etablering av nye besøksmål, samt vidareutvikling av kulturhuset på Husnes og etablering av musikkskulesenter.
7. Husnes er vidareutvikla som idrettssenter og talet på ballbingar i kommunen har auka.	8. Fjellhaugen skisenter er utvikla vidare, og planlegging av privat motorsportsenteret er godt i gang.
9. Na-Ku-Hel satsinga i kommunen er utvikla vidare i planperioden. Det same er MOT-satsinga.	10. Dei store kulturarrangementa i kommunen er blitt utvikla vidare.
C. Tilsette.	
Målsetjing	
Kommunen skal opptre som ein god og attraktiv arbeidsgjevar, med spesiell vekt på resultatoppnåing.	
Innsatsområde C1	
<i>Styrke arbeidsmiljøet i kommunen, med vekt på motivasjon, trivsel og utvikling.</i>	
Resultatmål	
1. Svarprosenten på trivselsundersøkinga er auka til 75 % i planperiode.	2. Kvar verksemd har rutinar for oppfølging av undersøking om arbeidsmiljø og trivsel.
3. Ved kvar undersøking i planperioden har minst 50 % av verksemdene betra sine resultat.	4. Sjukefråværet ligg framleis minst 1,0 % under snittet for norske kommunar.
Innsatsområde C2	
<i>Resultatoppnåing og vidareutvikling av internkontroll innan HMT</i>	
Resultatmål	
1. Dei tilsette opplever at dei er viktige bidragsytarar til kommunen si resultatoppnåing.	2. Internrevisjon av HMT-arbeidet er kvart år gjennomført for minst 20 % av verksemdene.

<i>C. Tilsette.</i>	
<i>Innsatsområde C3</i>	
<i>Kompetanseutvikling</i>	
Resultatmål	
1. Dei tilsette i den kommunale organisasjonen har fått stadig betre kompetanse innan IKT.	2. Opplæring med spesiell vekt på kompetanseheving og etterutdanning blir prioritert i budsjettsamanheng.
<i>D. Økonomi.</i>	
Målsetjing	
Gjennom grundig økonomistyring og reduksjon i driftsauken har kommunen fått ein sunn økonomi, samtidig som ei god og rasjonell tenesteyting er blitt utvikla vidare.	
<i>Innsatsområde D1</i>	
<i>Etablere samsvar mellom vedtekne oppgåver og tildelte ressursar, samt fastsetje eit driftsnivå som sikrar eit positivt driftsresultat.</i>	
Resultatmål	
1. Netto driftsresultat i prosent av inntektene ligg kvart år over tilrådinga frå staten om minst 3 %.	2. Tilrådingane frå AGENDA og ROS er gjennomførde for pleie- og omsorgsektoren.
3. Eit aukande tal tilsette opplever samsvar mellom pålagde oppgåver og tildelte ressursar	4. Lønsveksten av samla budsjett er i planperioden blitt redusert
<i>Innsatsområde D2</i>	
<i>Sjølvfinansierte og driftsreducerande investeringar blir prioriterte.</i>	
Resultatmål	
1. Når kommunestyret vedtek nye investeringar, blir driftskonsekvensane dokumenterte. Investeringar som gjev reduksjon i driftsnivået blir prioriterte.	2. Investeringsbudsjettet er redusert slik at årlege låneopptak som kommunen sjølv må betale ned, ikkje overstig kommunen sine årlege avdrag.
3. Sjølvfinansierte investeringar er gjennomførde i tråd med vedtekne planar.	4. For å unngå redusert verdi på kommunale bygg og anlegg er vedlikehaldsløyvingane auka i planperioden.

Vedlegg

- **Forslag til budsjettinnstilling**
- **Budsjettbrev frå Fylkesmannen**

Forslag til budsjettinnstilling:

1. Driftsinntektene i budsjettet for 2010 blir godkjent slik det går fram av dokumentet Saldert budsjettgrunnlag frå rådmannen, datert den 22.10.2009.
2. Driftsutgiftene i budsjettet for 2010 blir godkjent slik det går fram av dokumentet Saldert budsjettgrunnlag frå rådmannen, datert den 22.10.2009.
3. Budsjetttrammene til skulane, barnehagane og alle dei andre verksemdene blir godkjent slik det går fram av dokumentet Saldert budsjettgrunnlag frå rådmannen, datert den 22.10.2009. Rammene er bindande og må ikkje overskridast utan etter løyve frå kommunestyret.
4. Investeringsbudsjett for 2010 blir godkjent slik det går fram av dokumentet Saldert budsjettgrunnlag frå rådmannen, datert den 22.10.2009.
5. Økonomiplan 2010 – 2013 blir godkjent slik det går fram av dokumentet Saldert budsjettgrunnlag frå rådmannen, datert den 22.10.2009.
6. Handlingsplan 2010 – 2013 blir godkjent slik det går fram av dokumentet Saldert budsjettgrunnlag frå rådmannen, datert den 22.10.2009.
7. Ordføraren si godtgjersle for 2010 blir sett til _____, medan varaordføraren si godtgjersle blir sett til _____.
8. Inntekts- og formueskatten for 2010 blir utlikna etter dei satsar som Stortinget bestemmer.
9. Marginavsetjing av innbetalt skattesum blir sett til 9,0 %.
10. Frå 01.01.2010 eller frå den tid det lovleg eller praktisk kan gjerast, vert følgjande avgifter innan vatn og avløp endra:
 - M3-sats drikkevatt vert auka frå kr 8,80 til kr 9,50 eks. moms.
 - M3-sats avløp vert auka frå kr 7,70 til kr 8,50 eks. moms.
11. Frå 01.01.2010 eller får den tid det lovleg eller praktisk kan gjerast, vert følgjande renovasjons- og slamtømningsgebyr endra:
 - Abonnementsgebyr hus vert auka frå kr 480,- til kr 490,- eks. moms.
 - Abonnementsgebyr hytter vert auka frå kr 750,- til kr 850,- eks. moms.
 - Restavfall 140 tømning kvar 4. veke vert auka frå kr 350,- til kr 415,- eks. moms.
 - Restavfall 240 tømning kvar 4. veke vert auka frå kr 600,- til kr 990,- eks. moms.
 - Restavfall 240 tømning kvar 2. veke vert auka frå kr 1440,- til kr 1700,- eks. moms.
 - Restavfall 660 tømning kvar 4. veke vert auka frå kr 1650,- til kr 1950,- eks. moms.
 - Ekstrasekk restavfall vert auka frå kr 32,- til kr 36,- eks. moms.
 - Slamtøming hus vert auka frå kr. 580,- til kr 615,- eks. moms.
 - Slamtøming hytter vet auka frå kr 332,- til kr 352,- eks. moms.
12. Frå 01.01.2010 eller frå den tid det lovleg eller praktisk kan gjerast, vert følgjande avgifter, gebyr og betalingsatsar endra:
 - Byggesaksgebyr vert auka med 10,0 %.
 - Delings- og kartforretning vert auka med 10,0 %.
 - Handsaming reguleringsplanar vert auka med 10,0 %.
 - Utsleppssaker vert auka med 5,0 %.
 - Husleiger vert auka med 10,0 %.

- Årsplass kulturskulen vert auka med 10,0 %.
 - Instrumentleige Kulturskulen og dirigenttenester for kor og korps vert auka med 15,0 %.
 - Foreldrebetaling SFO vert auka med 5,0 %.
 - Barnehagesatsane vert sett lik Stortinget sine maksimalsatsar.
 - Feiegebyr for skorstein med eit løp vert sett til kr 200,- eks. moms.
 - Feiegebyr for skorstein med to eller fleire løp vert sett til kr 250,- eks. moms.
 - Feiegebyr for to skorsteinar med eit løp vert sett til kr 300,- eks. moms.
13. Frå 01.01.2010 eller frå den tid det lovleg eller praktisk kan gjerast, vert abonnementsatsane for praktisk hjelp i heimen pr. månad endra som følgjer:
- Inntekt under 2G: Frå kr 150,- til kr 155,-.
 - Inntekt frå 2G til 3G: Frå kr 530,- til kr 750,-
 - Inntekt frå 3G til 4G: Frå kr. 900,- til kr. 1200,-
 - Inntekt over 4G: Frå kr 1500,- til kr 1750,-.
14. Frå 01.01.2010 eller frå den tid det lovleg eller praktisk kan gjerast, vert følgjande betalingssatsar innan pleie- og omsorg endra:
- Middag frå kr 54,- til kr 75,-
 - Kvelds eller frukost frå kr 25,- til kr 35,-
 - Graut eller suppe frå kr 33,- til kr 50,-
 - Vask av tøy frå kr 28,- til kr 50,- pr. vask.
 - Dagopphald blir sett til 61,- kr pr. dag eller så høgt som staten gjev løyve til.
 - Tryggleiksalarm frå kr. 1818,- til kr 2500,- pr. år.
 - Maksimalpris pr. time praktisk hjelp i heimen frå kr. 215,- til kr 290,-
 - Leige av sengklede og handklede pr. månad frå kr 300,- til kr 400,-
 - Kjøp av toalettartiklar pr. månad frå kr 100,- til kr 150,-
 - Korttidsopphald pr. døger blir sett til kr 121,-, eller så høgt som staten gjev løyve til.
 - Fribeløp før berekning av vederlag frå kr 6000,- til kr 6250,-
 - Kurdøgnpris pr. månad frå kr. 26500,- til kr. 55000,-
15. For 2010 blir det lagt opp til ei samla låneramme på 105,05 mill. kr. Av dette er 57,40 mill. kr lån som kommunen sjølv må betale ned, 34,0 mill. kr er lån der renter og avdrag blir betalt av andre, 13,0 mill. kr forskotteringar og 30,0 mill. kr rentefrie lån frå skulepakken. Låna får ei løpetid i tråd med kommunelova §50. Avdragstida blir sett til maksimum 40 år. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innanfor vedtekne budsjетtrammer.
16. Kommunen betaler avdrag etter minimumsavdragsprinsippet i kommunelova §50 pkt. 7a. Ved endeleg utrekning kan dette avvike ein del frå dei løyvingane som er sett av i budsjettet
17. I tillegg til kommunen sine investeringslån blir det å ta opp eit etableringslån (startlån) på inntil 12,0 mill. kr i Husbanken for vidare utlån. Nedbetalingstida for kommunen blir sett lik husbanken sine vilkår.
18. Eit positivt premieavvik for pensjonsinnbetalingane blir sett av på eit ”premieavviksfond”. Kostnader relatert til tidlegare positive premieavvik må dekkast av dette fondet.
19. Ordninga med streng tilsetjingspraksis og rapportering til administrasjonsutvalet blir ført vidare også i 2010.
20. Med heimel i lov av 6. Juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt for kommunane, blir det i 2010 skrive ut eigedomsskatt med 7 promille for verk og bruk og 2 promille for alle andre eigedomar i heile kommunen. Med heimel i §7 i same lov skal eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylkeskommunen eller staten vere fritakne frå eigedomsskatt. Formannskapet får fullmakt til å avgjere einskildsaker om skattefritak og nedsetjing eller ettergjeving etter §§7 og 28 i same lov.